- Selskapets øverste organ er årsmøte, hvor alle eierne deltar med ett medlem hver. Den enkeltes stemme vektas etter fjorårets omsetning med samvirkeforetaket.
- Årsmøte velger fast møteleder for valgperioden. Styret innkaller til årsmøte. Styrets leder og daglig leder har møteplikt og talerett i representantskapet.
- Styret består av 5 medlemmer med vararepresentanter. 4 medlemmer med vara velges av årsmøtet og 1 medlem med vara velges av de ansatte. Daglig leder har møteplikt og talerett i styret.
- Daglig leder er leder for hele virksomheten. Ledergruppen består av daglig leder, nestleder, fagansvarlig forvaltningsrevisjon og fagansvarlige regnskapsrevisjon. Nestleder er vakant fra primo 2024. Alle oppdrag i virksomheten ledes av en oppdragsansvarlig revisor.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

VIRKSOMHETEN I 2023

- Selskapet ble etablert med drift fra 01.01.2020
- Hovedkontor i Kristiansund og avdelingskontor i Molde og Ålesund. En ansatt har sitt kontorsted i Surnadal.
- Vi har 25 høyt utdannede ansatte
 - 15 regnskapsrevisorer og 8 forvaltningsrevisorer
 - Det er ønskelig med en lik kjønnsbalanse over tid.
 - Det er et uttalt mål at de tre bykontorene skal ha tilnærmet likt antall ansatte over tid.

**MRR**

Møre og Romsdal Revisjon SA

ØKONOMI

Nøkkeltall

- Omsetning for 2023 utgjør MNOK 26,8
- Årsresultat 2023 er MNOK -1,3
- Budsjettert omsetning for 2024 utgjør MNOK 28,4
- Selskapet har ikke som mål å gå med overskudd, men drives etter selvkostprinsippet
- Selskapet har ingen godtgjørelse til sine eiere




MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

ØKONOMI

Inntekter

Interkommunal selskap, stiftelser, legat, kirkelige fellesråd, sokn og andre
2,1 MNOK



Kommuner og kommunale foretak
24,7 MNOK
Herav 0,1 MNOK fakturert etter
oppdrag fra administrasjonen



MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kostnadsfordelingsmodell

- Kostnadsfordelingsmodellen for 2023 har vært som følger:
 - Oppdragsansvarlige: 1 225 kr pr time
 - Andre: 1 025 kr pr time
- Kostnadsfordelingsmodell som er lagt til grunn for 2024 er:
 - Oppdragsansvarlige: 1 285 kr pr time
 - Andre: 1 080 kr pr time



MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

ANVENDELSE AV EV. ÅRSOVERSKUDD

§ 5 i selskapets vedtekter handler om anvendelse av årsoverskudd:

- Overskudd skal som hovedregel forbli i virksomheten og komme medlemmene til gode gjennom gode og effektive revisjonstjenester.
- Beslutning om anvendelse av årsoverskuddet treffes av årsmøtet etter forslag fra styret. Det kan ikke besluttet anvendt et høyere beløp enn det styret foreslår eller godtar, men årsmøtet kan selv bestemme anvendelsen innenfor følgende rammer:
 1. Godskriving av foretakets egenkapital
 2. Etterbetaling til medlemmene basert på omsetning, jf. samvirkeloven § 27



MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

GODTGJØRELSE

- Selskapet utbetaler ikke godtgjørelse til årsmøtets medlemmer.
- Godtgjørelse til selskapets styre fastsettes årlig av årsmøtet. Årlig honorar fastsatt av årsmøtet i 2023 var som følger:
 - Styrets leder mottar fast kr. 94 500
 - Styrets nestleder mottar fast kr. 47 250
 - Øvrige medlemmer mottar kr. 31 500
 - Møtende varamedlem mottar kr 3 675 per møte
 - Reiseutgifter dekkes etter regning



MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

ETTERUTDANNINGSPOLITIKK

- MRR leverer kompetanse og vi er avhengige av at våre ansatte til enhver tid innehar tilstrekkelig, riktig og oppdatert kompetanse.
- Våre ansatte er underlagt krav etter etterutdanning både gjennom bransjeforeningene NKRF og DnR. Kravene gjelder oppdragsansvarlige revisorer. Vi etterstreber likevel at alle ansatte skal gjennomføre etterutdanning og kurs uavhengig om det er pålagt eller ikke.
- Vi har system for felles registrering av etterutdannings-timer og årlig kontroll av etterlevelse av lov, forskrifts- og medlemskrav til timetall og sammensetning.



MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

SAMARBEID MED ANDRE

- MRR samarbeider tett med kontrollutvalgssekretariatene til kontrollutvalgene blant våre medlemmer. Disse består av:
 - Kontrollutvalgssekretariatet for Møre og Romsdal fylkeskommune,
 - Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat,
 - Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, og
 - Kontrollutvalgssekretariatet for Nordmøre
- Vi er bedriftsmedlem i KS Bedrift/Samfunnsbedriftene gjennom bedriftsavtalen
- Vi er medlem av NKRF (Kontroll og revisjon i kommunene) og er representert som varamedlem i styret, samt varamedlem av forbundets regnskapskomité.

SAMARBEID MED ANDRE FORTS.

- Selskapet samarbeider med andre kommunale revisjonsenheter og vi søker også samarbeid med andre der det er naturlig.
- Vi deltar også i forum etablert av Statsforvalteren i Møre og Romsdal for samordning av statlige tilsyn.
- Vi samarbeider med Statsforvalteren og KS i Møre og Romsdal om faglig kompetansehevingstiltak gjennom kurs og samlinger for kommunene.
- Selskapet eier ingen aksjer eller andeler i andre selskaper.

RAPPORTEN ER AVLAGT 16. APRIL 2024

Line Karlsvik(sign)
styrets leder

Arne Sandnes (sign)
styrets nestleder

Svein Atle Roset (sign)
styremedlem

Ingeborg Ellen Forseth (sign)
styremedlem

Ronny Rishaug (sign)
ansattrepresentant

Martin Gjendem Mortensen (sign)
daglig leder

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Vi skal bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre eierkommuner

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 09/24	Haram kontrollutval	12.09.2024

Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS 07.06.2024 **Haram kontrollutval**

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet får protokollen frå generalforsamling i Attvin AS som var halden 7. juni 2024. Kontrollutvalet får det som informasjon fordi kontrollutvalet skal vere kjent med eigarmøter i selskap kommunen har eigarinteresser i.

Vedlegg

Protokoll frå generalforsamling 07.06.2024 Attvin AS

Håkon Lykkebø Strand
Bjørn Inge Olsen
Steinar Aanning
Harry Valderhaug
Olav Harald Ulstein
Terese Jemtegård Moen
Turid Kristin Sand Humlen
Vebjørn Krogsæter

Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS

Fredag 7. juni kl. 0900 i Alvikvegen 194 (Bingsa) i Ålesund.

Saker til behandling:

SAK 1: Opning og registrering av frammøtte aksjonærar

Behandling i møtet:

Styreleiar Liv Stette opna generalforsamlinga

Aksjonærane som var til stades som deltakarar på møtet var:

Namn	Aksjonær	Aksjer	Aksjedel
Håkon Lykkebø Strand og Vebjørn Krogsæter	Gamle Ålesund kommune	1 080	90,00 %
Bendik Havnegjerde	Sula kommune	29	2,39 %
Harry Valderhaug	Giske kommune	26	2,17 %
Øyvind Hunnes	Sykkylven kommune	23	1,95 %
Bjørn Inge Olsen	Vestnes kommune	20	1,67 %
Steinar Aanning	Stranda kommune	14	1,16 %
Terese Jemtegård Moen	Fjord kommune	8	0,66 %

I tillegg møtte styreleiar Liv Stette, dagleg leiar Øystein Solevåg, revisor Ivar-André Norvik, økonomisjef Tor Langlo-Johansen og leiar av marknadsavdelinga, Caroline Mehl Nakken

SAK 2: Val av møteleiar og to personar for å underteikne protokollen

Vedtak:

Styreleiar Liv Stette blei vald til møteleiar.

Terese Jemtegård blei valde til å underteikne protokollen saman med møteleiar.

SAK 3: Godkjenning av møteinnkalling og dagsorden

Vedtak:

Møteinnkallinga og dagsorden blei godkjend.

SAK 4: Rekneskap og årsberetning for 2023

Behandling i møtet:

Dagleg leiar Øystein Solevåg, revisor Ivar-André Norvik og økonomisjef Tor Langlo-Johansen orienterte. Orienteringane ligg ved protokollen.

Vedtak:

- 1) Generalforsamlinga godkjenner rekneskap og årsberetning for Attvin AS.
- 2) Disponering av årsresultatet blir som følgjer:
 - a. Utbytte kr 6 000 000
 - b. Overført frå annan eigenkapital kr 5 796 328
 - c. Totalt disponert kr 203 672
 - d. Konsernbidrag med skatteeffekt mottatt frå Attvin Produksjon AS kr 2 434 856

SAK 5: Oppdatert budsjett 2024

Behandling i møtet:

Økonomisjef Tor Langlo-Johansen orienterte. Orienteringa ligg ved protokollen.

Vedtak:

Generalforsamlinga tek orienteringa om budsjettet for 2024 til vitande.

SAK 6: Val av revisor og honorar til revisor

Vedtak:

- 1) EY blir vald til revisor for Attvin i 2024.
- 2) Honorar til revisor blir etter rekning.

SAK 7: Val av styre og styreleiar

Vedtak:

Styret i Attvin AS har etter årsmøtet i 2024 følgjande medlemmer.

Styreleiar	Liv Stette
Nestleiar	Inger Marie Sperre
Styremedlem	Torill Ansnes
Styremedlem	Tor Olsen Husø
Styremedlem	Levi Lervik
Styremedlem	Odd Harald Karlsen
Styremedlem	Eva Langstein
Første varamedlem	Rolf Magne Asbjørnsen
Andre varamedlem	Harry Valderhaug
Tredje varamedlem	Monica Busengdal

Funksjonsperioden er to år.

I tillegg har dei tilsette vald Natalie Østrem og Ivan Malechkov som faste representantar til styret i Attvin AS, med Kjell Arne Olsen og Stein Giske som varamedlemmer.

SAK 8: Godtgjersle for styret

Vedtak:

Godtgjersla til styret vert justert opp frå dagens satsar med 3,6 %.

Dette gir følgjande godtgjersle for 2023:

Verv	Godtgjersle 2022	Tillegg 3,6 %	Godtgjersle 2023	Merknad
Styreleiar	136 500	4 914	141 414	
Nestleiar	102 375	3 686	106 061	
Medlem	54 600	1 966	56 566	
Varamedlem	4 343	156	4 499	Per møte, maksimalt 56 566

SAK 9: Val av valkomité og leiar for valkomiteen

Vedtak:

Valkomiteen i Attvin AS har etter årsmøtet i 2024 følgjande medlemmer:

Leiar	Vebjørn Krogsæter	Representant for øvrige kommunar
Medlem	Monica Molvær	Ålesund kommune
Medlem	Hans Kjetil Knudsen	Ålesund kommune
Medlem	Tor André Gram Franck	Ålesund kommune
Medlem	Turid Kristin Sand Humlen	Representant for øvrige kommunar

SAK 10: Godtgjersle for valkomiteen

Forslag til vedtak:

- 1) Medlemmene i valkomiteen får ei møtegodtgjersle tilsvarende 1,6 % av G, per mai 2024 tilsvarar dette 1 898 kr per møte.
- 2) For øvrige kostnader (i hovudsak reise) gjeld «Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår» for Ålesund kommune.

Vedtak:

Saken blir utsatt til neste generalforsamling.

Protokollen blir elektronisk signert.

Kopi av protokollen sendast til:

Styret i Attvin AS

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Møre og Romsdal Revisjon SA

Ålesund kommune

Giske kommune

Fjord kommune

Haram kommune

Stranda kommune

Sykkylven kommune

Vestnes kommune

Sula kommune

Kenneth Langvatn

Einar Arve Nordang

Randi Bergundhaugen

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet er signert med Visma Addo sin sikre digitale signatur.
Underskriverens identitet er fysisk registrert i det elektroniske PDF-dokumentet og er vist nedenfor.
Alle tider er gitt i koordinert universaltid (UTC).

Underskrivere

  Liv Stette Styreleder 9578-5998-4-1336570 2024-06-18 07:54:40Z	  Terese Sølvi Jemtegård Moen Ordfører Fjord kommune 9578-5995-4-270904 2024-06-24 07:36:47Z
---	--

Dokumenter i transaksjonen

Protokoll frå generalforsamling 7. juni 2024.pdf	SHA256: 24d21b22d89349c59e2d53af86ae1d4de48c7cc76150b0f100ed97395c5c287a
Generalforsamling 7. juni - dagleg leiar sin presentasjon.pdf	SHA256:
22 FELL EY Presentasjon Generalforsamling Attvin.pdf	SHA256:
Resultat 2023 (ENDELIG) generalforsamling.pdf	SHA256:

Addo Sign identifikasjonsnummer: 19475770-8c3b-4043-867c-a859bff2ddc8



Dokumentet er digitalt signert med Visma Addo sikker signeringstjeneste. Signaturbeviset i dokumentet er sikret og validert ved å bruke den matematiske hash-verdien til originaldokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstemplet med et sertifikat fra en klarert tredjepart. Alle kryptografiske signeringsbevis er innebygd i PDF-dokumentet i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

Hvordan verifisere ektheten til dokumentet
Dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når dokumentet åpnes i Adobe Reader, vil det se ut til å være signert med Visma Addo signeringstjeneste.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 10/24 Haram kontrollutval

Møtedato
12.09.2024

Revisor sitt sjølvstende. Haram kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Oppdragsansvarleg revisor og revisor sine medarbeidarar på oppdraget skal være uavhengige. Dei kan ikkje ha ei tilknytning til kommunen som går utover ei uavhengig eller objektiv gjennomføring av revisjonen.

Vedlagt finn de erklæringa frå oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen.

Vedlegg

Revisor si erklæring om uavhengigheit 2024

Til Kontrollutvalget i Haram kommune

Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet for Haram kommune

Innledning

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav til revisors uavhengighet ogandel følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19.

Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Møre og Romsdal Revisjon SA har et kvalitetsstyringssystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetsstyring i revisjonsforetak (ISQM 1). Som en del av vår kvalitetsstyring vurderer vi risikoen for manglende etterlevelse av uavhengighetsreglene og andre relevante etiske krav. Risikovurderingen er grunnlag for utforming av retningslinjer og rutiner for å håndtere slike risikoer. Som en del av kvalitetsstyringssystemet innhenter vi årlig en dokumentert bekreftelse på etterlevelse av uavhengighetskrav fra alle ansatte og annet personale.

Ifølge kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Denne egenvurderingen følger nedenfor.

Denne bekreftelsen gjelder Haram kommune og Ingebrigt Davik-huset KF.

Oppdragsansvarlig revisors vurdering av uavhengighet

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Overordnet krav til uavhengighet (§ 16)	Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.
Tilknytning til den reviderte virksomheten (§ 17)	Undertegnede har ikke selv eller nærstående som har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.
Stillinger i kommunen (§ 18 a)	Undertegnede har ikke [andre] stillinger eller verv i kommunen.
Stillinger i virksomhet (§ 18 b)	Undertegnede har ikke andre stillinger i en virksomhet som kommunen deltar i eller er eier av, utover at Møre og Romsdal Revisjon SA utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
Medlem av styrende organer (§ 18 c)	Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av, utover at

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

	Møre og Romsdal Revisjon SA utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
virksomhet (§ 18 d)	Undertegnede deltar ikke i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som kan medføre at revisors interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisor.
Rådgivning eller andre tjenester (§ 18 e)	Før slike tjenester gjør undertegnede en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 18 e, utfører vi ikke tjenesten. Revisor vurderer hvert enkelt tilfelle særskilt. Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Undertegnede er bevisst på at også slik veiledning må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger. Undertegnede har ikke ytet rådgivnings- eller andre tjenester overfor Haram Kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.
Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver (§ 18 f)	Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor Haram Kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.
Fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)	Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Haram Kommune.

Ålesund, 15. august 2024

Møre og Romsdal Revisjon SA



Linn Gunhild Pettersen
oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 11/24 Haram kontrollutval

Møtedato
12.09.2024

Uttale om forenkla etterlevingskontroll 2023 Haram kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Den forenkla etterlevingskontrollen inneber at revisor skal sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lover og forskrifter og kommunen sine egne reglement og vedtak.

Revisor gjennomfører enkle kontrollhandlingar som gjev moglegheit til å avdekkje vesentlege veikskapar i sentrale delar av økonomiforvaltninga.

Denne uttalen gjeld Ålesund kommune i 2023 og blir lagt fram for Haram kontrollutval som melding.

Vedlegg

Revisor sin uttale - forenkla etterlevingskontroll 2023

Til Kontrollutvalget i Ålesund kommune og Haram kommune

Kopi til Kommunedirektøren

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Ålesund kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Kontroll av etterlevelse av rutiner og reglement for attestasjon- og anvisning hvor vi kontrollerer om kommunen:

1. har et reglement som beskriver hva som ligger i attestasjons- og anvisningsmyndigheten, og at dette er tilgjengelig for attestant og anviser
2. for et tilfeldig utvalg godkjente fakturaer fra hvert av rammeområdene:
 - a) Innhentes en beskrivelse fra attestant og anviser om hvilke kontroller som har blitt og blir utført ved attestering og anvisning av inngående faktura.
 - b) I tillegg bes det om en beskrivelse av vurderingen som gjøres ved kontering av merverdiavgift ved godkjenning av fakturabilag

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2023 til 31.12.2023.

Kriterier er hentet fra kommunens økonomireglement og kommunens beskrevne internkontroll på området.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetsstyring (ISQM 1) *Kvalitetsstyring for revisjonsforetak som utfører revisjon eller forenklet revisorkontroll av regnskaper, eller andre attestasjonsoppdrag eller beslektede tjenester*, har Møre og Romsdal Revisjon SA et omfattende kvalitetsstyringssystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 *Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen*. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Ålesund kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd rutiner og reglement for attestasjon- og anvisning.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påse ansvar med økonomiforvaltningen og til Ålesund kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Ålesund, 12. juni 2024

Møre og Romsdal Revisjon SA



Linn Gunhild Pettersen

oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/24	Haram kontrollutval	12.09.2024

Presentasjon av endeleg risiko- og vesentlegvurdering (ROV). Haram kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Haram kontrollutval sluttar seg til kommunerevisjonen si risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og finn at ho gjev eit rett bilete av dei utfordringane kommuna står føre.

Med bakgrunn i ROVen vel Haram kontrollutval å prioritere fylgjande områder/tema som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon:

1. ---
2. ---
3. ---

Med bakgrunn i ROVen vel Haram kontrollutval å prioritere fylgjande selskap/tema som grunnlag for plan for eigarskapskontroll:

1. ---
2. ---
3. ---

Bakgrunn:

Vedlagt finn dykk kommunerevisjonen sin endelege rapport kring risiko- og vesentlegvurdering for Haram kommune. Denne rapporten vil være grunnlaget for diskusjonen i kontrollutvalet sitt møte den 12. september 2024. Her vil revisjonen presentere både innsamla data, dokumentanalyse, spørjeundersøkinga og samtalar med leiinga i kommunen.

Eit av dei mest sentrale trinna i planarbeidet er dei endelege prioriteringane kontrollutvalet gjer av område eller tema. Uavhengig av i kva grad kontrollutvalet har delteke i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga, er det viktig at utvalet gjer den endelege prioriteringa av identifiserte område eller tema. Det er difor viktig at kontrollutvalet set av tilstrekkeleg tid til å setje seg inn i resultatet av analysen og diskutere korleis områda skal prioriterast.

Med bakgrunn i rapporten vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda, og tilrå til kommunestyre kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Prioriteringa av område eller tema handlar i stor grad om å sjå på dei områda det er knytt risiko til, og vurdere kor vesentlege dei er. Vurderinga av kva som er vesentleg vil vere etter skjønn, der ein må vurdere ulike forhold opp mot kvarandre. Prioriteringane bør uansett være resultatet av førebudd og god diskusjon i kontrollutvalet.

Vurdering:

Sekretariatet vurderer at ROV rapporten er i tråd med bestillinga som Haram kontrollutval gjorde på sitt møte 15. februar 2024 i sak 04/24, forslag til prosjektplan risiko- og vesentlegvurdering (ROV) Haram kontrollutval.

Sluttføringa av risiko- og vesentlegvurdering (ROV) er slik det var skissert i prosjektplana. Bruk av ressursar er i tråd med det som var avtalt i nemnde sak. Prosjektplanen skisserte ei ramme på inntil 150 timar.

Vurdering:

Vedlegg

Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Haram kommune



RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING 2024-2027

HARAM KOMMUNE

Grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon og plan for
eigarskapskontroll 2023 – 2027

Juli 2024

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samverkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonsteneste for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA kan er på heimesida vår:

www.mrrevisjon.no

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med kontrollutvalet i kommunen gjennomført ein risiko- og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette gir eit grunnlag for kontrollutvalet sin vidare prosess med utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2023-2027.

Risiko- og vesentlegvurdering (ROV) går gjennom kommunal verksemd og eigarskap i Haram kommune. Rapporten summerer opp resultata frå gjennomgangen vår av verksemda, på bakgrunn av dei identifiserte risikoane som ligg til grunn for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vi takkar kontrollutvalet, sekretariatet, folkevalde og kommunedirektøren med administrasjon for nyttige bidrag. Bidraga har skapt eit godt utgangspunkt for kontroll og betring av Haram kommune.

Ålesund/Kristiansund, 02.07.2024

Martin Gjendem Mortensen	Stefan Hovden
Oppdragsansvarlig revisor	Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd, og av selskapa kommunen har eigarinteresser i, som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon (FR) og plan for eigarskapskontroll (EK). Arbeidet er utført etter bestilling frå kontrollutvalet i Haram kommune.

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsettingar. Risikofaktorar er moglege hendingar som gjer at kommunen ikkje når sine målsettingar. Analysen setter opp de viktigaste risikofaktorane som kan hindre kommunen i å nå sine mål. I vurderingane er det tatt omsyn til dei tiltak kommunen har iverksett for å sikre en tryggande internkontroll.

Risikofaktorane er vurdert ut frå sannsyn for at den inntreff, og den konsekvensen det vil ha om det inntreffar. Konsekvensane kan ha følger for kommunens egen verksemd og/eller kommunens innbyggjarar. Det vil alltid vere ein viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsyn og lav konsekvens.

Avslutningsvis blir vesentlegheit vurdert, som er en samla vurdering av alvorsgraden i den trusselen som den enkelte risikofaktor representerer når det kommer til kommunens måloppnåing. Vesentlegheit kan vurderast frå ulike perspektiv:

- Økonomisk perspektiv
- Politisk perspektiv
- Brukarens perspektiv
- Medarbeidarens perspektiv
- Samfunns- og miljøperspektiv

FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet skal i henhold til KommuneLOVA § 23-2 påsjå at det utførast forvaltnings-revisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Forvaltningsrevisjon er heimla i KommuneLOVA § 23-3 og er en del av kommunens eigenkontroll, og kommunestyrets kontroll med kommunens forvaltning. Forvaltningsrevisjonens rolle er å undersøke om kommunens verksemd skjer i tråd med gjeldande lover og regler, og kommunens planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar. Forvaltningsrevisjon er en form for revisjon av offentleg virksomheit som i KommuneLOVA blir definert som: «Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak».

EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Det er et skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praksis tilseier likevel at det er en glidande overgang mellom disse to hovudkategoriane, og at

det i enkelte tilfelle kan være vanskeleg å skilje mellom kva som inngår i desse kategoriane. Disse utgjer likevel to adskilte kontrollformer, og dei er regulert gjennom kvar sin paragraf i Kommunelova. Av denne grunn er områdene omtalt i egne kapittel.

RISIKO- OG VESENTLEGSVURDERING SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Kommunelova § 23-3, 2. ledd bestemmer at kontrollutvalet minst éin gang i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide en plan som viser hvilke områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal baserast på en risiko- og vesentlegsvurdering av kommunens virksomhet og virksomheten i kommunens selskap. Hensikten med risiko- og vesentlegvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Møre og Romsdal Revisjon SA har i denne rapporten utarbeidd en risiko- og vesentleg-vurdering som kontrollutvalet skal bruke som grunnlag ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon 2024 til 2027.

RISIKO- OG VESENTLEGSVURDERING SOM GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL

Kommunelova § 23-4, 2. ledd bestemmer at kontrollutvalet minst éin gong i valperioden, og senast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide en plan for kva slags eigarskapskontroller som skal gjennomførast. Planen skal baserast på en risiko- og vesentlegsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eigarskap. Hensikten med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut hvor det er størst behov for eigarskapskontroll. Møre og Romsdal Revisjon SA har i denne rapporten utarbeidd en risiko og vesentleg-vurdering som kontrollutvalet skal bruke som grunnlag ved utarbeiding av plan for eigarskapskontroll 2024 til 2027.

AKTUELLE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Basert på gjennomført risiko og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt innan følgjande tema:

- Strategisk og samla planlegging av arbeidet med berekraftsmåla; Arbeid med berekraftsmåla, implementering av nye planar tilpassa Haram.
- Internkontroll, heilskapleg verksemdstyring, risikovurderingar
- Interkommunale samarbeid, oppfølging av avtalar, rapportering
- Digitalisering og informasjonstrygging: Planer/ digitaliseringsstrategier
- Offentlege innkjøp
- Personalforvaltning: Rekruttering, særskilt på helseområdet
- Oppvekst: Kvalitet innan skule
- Barnevernstenesta
- Helse og omsorg: Bemanning, ressursar, omstilling
- Motarbeiding av fattigdom: Samarbeid på tvers innan tenestene

- Plan og teknikk: ROS-analysar

AKTUELLE SELSKAP OG TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

Basert på gjennomført risiko og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan følgjande tema:

- Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon: - Attvin AS, berekraft, sjølvkost

AKTUELLE SELSKAP OG TEMA FOR EIGARSKAPSKONTROLL

Vi vurderer at det er særleg aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll knytt til

- Attvin AS

INNHALD

1	INNLEIING	8
2	OM KOMMUNEN	14
2.1	Organisering	14
2.2	Kommunen sine visjoner, mål og satsingsområde	14
2.3	Økonomiske rammer og måltal	15
2.4	Kommunebarometeret 2023	16
2.5	Interkommunalt samarbeid om tenester	17
3	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I KOMMUNEN – FORVALTNINGSREVISJON	18
3.1	Berekraft og samfunnsutvikling	18
3.2	Lokaldemokrati	21
3.3	Tillitsskapande forvaltning	25
3.4	Tenesteyting og utøving av mynde	35
3.5	Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon, Oppsummering	50
4	RISIKO OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP	51
4.1	Innleiing	51
	Om kommunalt eigarskap	52
4.2	Eigarskap i Haram kommune	53
4.3	Risiko- og vesentlegvurdering i selskap	56
4.4	Forvaltningsrevisjon i selskap	59
5	FAKTASJEKK	61
	REFERANSELISTE	62
6	VEDLEGG: OVERSIKT OVER AS, STIFTINGAR, KF, IKS, SA	64

1 INNLEIING

1.1 BESTILLING

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd som grunnlag for kontrollutvalet si utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll etter bestilling frå kontrollutvalet i sak 27/23.

Kontrollutvalet skal syte for at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollert. For å sikre at kommunestyret vel dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Planane skal vere basert på risiko- og vesentlegvurdering.

I dette kapitelet ser vi nærare på kva risiko- og vesentlegvurdering, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er samt metode og kva for informasjonsgrunnlag vi har nytta som grunnlag for vurderingane våre.

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Formålet med risiko- og vesentlighetsvurderinga er å avdekkje dei områda der det kan vere størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det finst ingen spesifikke krav til korleis ein skal gjennomføre denne vurderinga, anna enn at ho skal byggje på ei evaluering av risiko og kva som er vesentleg.

Risiko omfattar potensialet for avvik frå regelverk, mål, vedtak og andre retningslinjer som kommunen har for verksemda. Risiko består av både sannsynlegheit og konsekvensen av slike avvik. Vesentlegheit kan vurderast frå ulike perspektiv, inkludert økonomi, politikk, brukarbehov, medarbeidarinteresser, samt samfunns- og miljømessige omsyn.

Det finns ingen objektiv storleik som kan nytast til å avgjere kva som er vesentleg. For å prioritere mellom områda der det er identifisert risiko for avvik, må kontrollutvalet til slutt gjere ei skjønnsmessig vurdering av kva område som er mest vesentleg.

1.2 FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader basert på vedtak frå kommunestyret eller fylkestinget. Forvaltningsrevisjon fungerer som ein kontrollmekanisme mellom kommunestyret og administrasjonen samtidig som ho kan ha stor betydning for læring og utvikling.

1.3 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP KOMMUNEN EIG

Kontrollutvalet har plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjon både internt i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i. Forvaltningsrevisjon kan i prinsippet utførast i alle typar selskap kommunen har eigarinteresser i.

Døme på tema for forvaltningsrevisjon i selskap inkluderer måloppnåing, offentlege anskaffingar, habilitet, etikk og samfunnsansvar, arbeidsmiljø og økonomisk drift. Krava til forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet dei same, uavhengig av om revisjonen vert utført i kommunen eller i eit selskap.

Når kommunen organiserer verksemda gjennom selskap, påverkar dette likevel moglegheitene for styring, innsyn og kontroll. Kontrollutvalet må derfor ta omsyn til spesifikke forhold ved forvaltningsrevisjon med selskap. Dette inkluderer eigne reglar for kontrollutvalets rett til innsyn i selskapet. Det kan også vere nødvendig å samordne kontrollen dersom fleire kommunar eig selskapet saman.

1.4 EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll handlar om å sjekke om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i tråd med lover, forskrifter, vedtak frå kommunestyret og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det er eit skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praksis syner likevel at det er ein glidande overgang mellom desse to hovudkategoriane, og at det i enkelte tilfelle kan vere vanskeleg å skilje dei. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er to ulike former for kontroll, og er regulerte i kvar sine paragrafar i kommunelova. Av den grunn blir områda omtalte i eigne kapittel.

1.5 METODE

Kva har vi gjort?

Vi har arbeidd med å identifisere dei områda i kommunen som har størst risiko for feil og manglar. Dette kallar vi ein risiko- og vesentlegvurdering.

Korleis har vi gjort det?

1. Vi har studert lover og rettleiingar. Vi har undersøkt kva lovgjevinga seier om risiko- og vesentlegvurdering, rettleiaren til NKRF for risiko- og vesentlegvurdering og andre gjennomførte vurderingar.

Vi har brukt kommunelova som utgangspunkt. Kommunalova definerer kva kommunen skal vere og gjere. Difor har vi nytta lova til å inndeile kommunen sin verksemd i ulike område. Kommunen skal tilby tenester og drive samfunnsutvikling til beste for

innbyggjarane, utøve offentleg myndigheit og bidra til ein effektiv, tillitsskapande og berekraftig forvaltning.

Basert på kommunen sine ansvarsområde etter kommunelova har vi delt risiko- og vesentlegvurderinga inn i fire hovudområde:


- Berekraft og samfunnsutvikling
- Lokaldemokrati
- Tillitsskapande forvaltning
- Tenesteyting og myndigheitsutøving

2. Vi har identifisert vesentlege risikoar for kommunane. Kva utfordringar møter kommunar generelt sett, korleis utviklar samfunnet seg, kva føresetnader har kommunane, kva må dei ta omsyn til, kva pålegg har dei, kva forventningar har dei til sittande politisk leiing, og kva er dei generelle risikoane i dagens samfunn? For å finne svar på dette har vi henta informasjon frå kjelder som Kommunanes Sentralforbund, Økokrim, Helsedirektoratet, Politiets sikkerheitsteneste og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vi har valt ut tema som vi meiner er vesentlege og utgjer ein risiko for alle kommunar. Innan kvart tema har vi identifisert moglege risikofaktorar som òg gjeld for alle kommunar.

Desse er valde ut med bakgrunn i regelverk, element i internkontroll, andre risiko- og vesentleganalysar, forventningar frå Statsforvaltaren og vår eigen kunnskap på området. Risikofaktorane kan òg sjåast i samheng med områda ein forvaltningsrevisjon kan rettast mot, som er økonomi, produktivitet, regeloverhaldning, måloppnåing og verknader.

3. Vi har vurdert risikoen i kommunen. Basert på informasjon vi har samla inn om kommunen, vurderer vi kva risikofaktorar som ser ut til å vere mest relevante for kommunen. Vi vurderer om risikoen er låg, middels eller høg. Risiko blir delt inn i sannsyn for at hendinga inntreff og konsekvensar om hendinga inntreff. Dette rangerer vi òg som låg, middels eller høg, og endar opp med ei vurdering av risiko. Dersom risikoen er høg eller middels, kjem vi med forslag til mogelege tema for forvaltningsrevisjon.
4. Høyring av risiko- og vesentlegvurderinga til ordførar og kommunedirektør. Vi tek omsyn til innspel som kjem, og eventuelt justerer informasjon og vurderingar. Etter at steg fire er ferdig, sender vi risiko- og vesentlegvurderinga over til kontrollutvalet.
5. Kontrollutvalet bør i steg fem vurdere kva risikoområde som er mest aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll. Basert på den vurderinga, utarbeider kontrollutvalet ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll

Tabell: En visuell fremstilling av korleis arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga er løst i ulike steg (MRR SA).



Vi summerer opp vår vurdering i følgende risikotabell:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå av sannsyn	Grunngjeving for nivå på konsekvens	Sannsyn	Konsekvens	Risiko-nivå
Aktuelle risiko-faktorer	Kort skildring	Kort skildring	Høg	Høg	⬤
			Middels	Middels	⬤
			Låg	Låg	⬤

Risikofaktorane er dei eller den mest relevante for kommunen.

Grunngjevinga for nivå av sannsyn: Korte skildringar av kva kommunen gjer (eller ikkje gjer) for å redusere risiko.

Grunngjevinga for konsekvensnivået: Kan sjåast frå ulike perspektiv og skildrar konsekvensane om risikofaktoren skulle inntreffe.

Sannsyn: Vår vurdering av om det er lågt, middels eller høgt sannsyn for at vald risikofaktor inntreff.

Konsekvens: Vår vurdering av om det er låg, middels eller høg konsekvens om vald risikofaktor inntreff.

Risikonivået: Vår vurdering av om det er låg, middels eller høg risiko.

Vår vurdering av risiko- og vesentlegheit fører til forslag til tema for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll der det er aktuelt.

INFORMASJONGRUNNLAG OM KOMMUNEN

For å skaffe informasjon om risikoområde i kommunen, har vi nytta informasjon frå ei rekkje kjelder:

- Dialog med kontrollutvalet 2019-2023 og kontrollutvalet 2023-2027
- Oppstartmøte med kommunedirektør og ordførar
- Spørjeundersøking til politikarar og administrasjonen i kommunen
- Faktasjekkmøte med kommunen
- Kommunens planar, mellom anna.:
 - Kommuneplanens samfunnsdel
 - Budsjett og økonomiplan
- Rapporteringar
- Grunnskolanes informasjonssystem
- Kommunens eigarskapsmelding
- Kommunebarometeret for 2023
- Statsforvaltaren sin tilsynskalender
- Forenkla etterlevingskontrollar
- Revisjonens erfaring/kunnskap om kommunen frå tidlegare revisjonar

Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant leiarar og politikarar i kommunen. Blant leiarane var det 50 % svar (til saman 3 personar), og blant politikarane var det svar frå til saman 3 personar. Utvalet er ikkje representativt, og svara frå undersøkinga blir nytta som eit supplement til informasjon vi innhentar frå fleire kjelder. Vi har hatt dialog med oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Rapporten er sendt på faktasjekk til kommunen og ordførar, og vi har teke med innspel og tilbakemeldingar frå desse.

AVGRENSINGAR

Risiko- og vesentlegvurderinga er gjort på eit overordna nivå. Omfanget er avgrensa ut frå kva som er føremålet med analysen, det vil seie å identifisere kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysen er vidare avgrensa av ressursar vi har hatt til rådvelde. Vi påpeikar at risiko- og vesentlegvurderinga er gjort med kvalifisert skjønn, og skal ikkje tolkast som eksakt vitskap.

BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

Vi har valt å halde vurderinga på eit overordna nivå. Når ein forvaltningsrevisjon skal bestillast av kontrollutvalet, er det naturleg at detaljeringsgraden innan det valde området blir skjerpa. Her ser vi føre oss at risikofaktorane kan vera til god nytte.

1.6 OPPBYGGING AV RAPPORTEN - LESARETTLEIING

I kapittel blir det gitt ein oversikt over kommunen si organisering, økonomi, mål, resultat frå Kommunebarometeret, interkommunale samarbeid og eigarskap.

Kapittel tre består av risiko- og vesentlegsvurderinga for forvaltningsrevisjon. Vurderinga er delt inn i fire hovudområde. Innan kvart hovudområde kan det være fleire underområder. Kvart underområde vil være bygd opp på same måte:

1. Kort innleiing om temaet, kvifor området er vesentleg og kva som er moglege risikoar. Dette gjeld for alle kommunar.
2. Liste over moglege risikofaktorar innan området. Gjeld òg for alle kommunar.
3. Data om Haram kommune og eventuelle risikoreduserande tiltak.
4. Vår vurdering og ein tabell som oppsummera risikovurderinga vi har gjort.
5. Eventuelt forslag til aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Kapittel tre avsluttast med ein oversikt over risikoområder med middels og høg risiko- og vesentlegvurdering.


Kapittel fire handlar om risiko- og vesentlegsvurdering i selskap, både forvaltningsrevisjon i selskapa og eigarskapskontroll.

2 OM KOMMUNEN

I dette kapitlet ser vi på kommunen sine mål og satsingsområde, økonomi, samarbeid og eigarskap. Det gir ein bakgrunn for risiko- og vesentlegvurderinga.

2.1 ORGANISERING

Haram kommune er inndelt i fire kommunalområder, i tillegg til kommunedirektørens stab. I den kommunale strukturen i Haram er det etablert et kommunestyre på 27 representantar. Videre er det etablert formannskap som består av 9 medlemmer. Formannskapet i Haram har en dobbeltfunksjon da dette også fungerer som planutvalg i kommunen. I tillegg er det viltutval og utval for kultur, kvar av disse organa består av 5 medlemmer.



Figur 1: Organisasjonskart Haram kommune. Kilde: E-post frå Haram kommune 28.06.2024.

2.2 KOMMUNEN SINE VISJONER, MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

Haram kommune vart oppretta som eigen kommune frå 01.01.2024. Haram kommune påpeker viktigheita av å koma i gang tidleg med revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er den som definerer strategi og hovudmål for utviklinga av kommunen, og som igjen vil gi retning i kva som skal prioriterast i kommunen sin budsjett- og økonomiplan.

Haram kommune tar utgangspunkt i at alt kommunalt utviklingsarbeid er FN sine berekraftsmål vere førande. FN sine berekraftsmål har tre hovudfokus, økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Når kommunen har vedteke ein samfunnsplan med ein tydeleg handlingsdel vil kommunen bruke budsjett- og økonomiplanen sin tiltaksdel for å definere korleis dei skal nå dei

definerte måla. Når Haram har fått litt meir tid ønsker kommunen at berekraftsmåla får ei større plass i all kommunal planlegging.

Arbeidet med organisasjons- og bemanningsplan for Haram 2024 skal følgje ei nøktern tilnærming og bygge på det beste frå tidlegare Haram og noverande Ålesund kommune.

Haram kommune vert oppretta som ein sjølvstendig kommune frå 01.01.2024, etter å ha vore ein del av nye Ålesund kommune sidan 01.01.2020. Målet med delinga er å etablere en administrativ og politisk struktur som effektivt kan ivareta innbyggjarane sine behov og sikre berekraftig utvikling.

2.3 ØKONOMISKE RAMMER OG MÅLTAL

Kommunen sine finansielle måltal som skal bli nytta til å vurdere kommunen sitt handlingsrom:

	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Stort handlingsrom
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	<1 %	1 % -1,75 %	>1,75 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	<4 %	4 % - 9 %	>9 %
Gjeldsgrad, netto lånegjeld i % av driftsinntekter	>100 %	100 % - 80 %	<80 %

Kommunen sine finansielle måltal dei siste tre åra viser at kommunen sitt handlingsrom er avgrensa. Kommunen skriv:

Budsjett og økonomiplan for Haram kommune skal dekke perioden 2024 til 2027. Inntektssida baserast på KS sin prognosemodell justert for befolkningsutvikling. Investeringsbudsjettet vidarefører tiltak frå eksisterande økonomiplanar med fokus på nødvendige tilpassingar.

Økonomiske måltal

Netto driftsresultat skal utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfondet skal utgjera minimum 5% av brutto driftsinntekter

Netto korrigert gjeldgrad justert for gjeld til sjølvkostinvesteringar skal ikkje overstige 90% av brutto driftsinntekter

Økonomien i Haram kommune skal byggas på prinsippet om generalistkommune, kor kommunen sjølv har ansvar for lovpålagte tenester og oppgåver. Økonomiplanen skal være nøktern, med fokus på tilpassing til den nye Haram kommunens befolknings og demografiske utvikling.

Kommunen opplysa at det er nødvendig med en forsiktig tilnærming til investeringar og en grundig vurdering av eigedomsskattenivået. Ved bruk av KS sin prognosemodell har ein berekna eit meir realistisk nivå på skatt og nominell vekst, basert på historiske skatteinntekter og ein noko svakare befolkningsvekst. Pårekna nominell vekst blir 5,6%. Kommunal deflator er anslått til 4,3%, som gir ein reell vekst på 1,3% for 2024.

Haram viser til ei kraftig auke i pensjonskostnadar som truleg vil ete opp real auken. Kommunen opplysa at dei aukar ikkje eigedomsskatten frå dagens to promille i budsjettframlegg for 2024. Med sats to promille utgjer eigedomsskatten i siste anslag, knappe 18,4 mill. kroner for nye Haram kommune.

2.4 KOMMUNEBAROMETERET 2023

Kommunebarometeret er ein samanlikning av kommunane basert på 155 nøkkeltal innan 12 sektorar (Kommunal Rapport 2023). Hensikta er å gje ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunane driv. Resultatet gir ein indikasjon, sjansen til å stille spørsmål og ikkje minst lære av andre kommunar. Tala er i hovudsak henta frå SSB sin KOSTRA-database for 2022. Det er i tillegg henta statistikk frå kjelder som Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking. Haram kommune har ikkje tal frå kommunebarometeret frå dei siste åra.

Dei ulike kommunalområda har i handling og økonomiplan klare prioriteringsområder det første driftsåret i Haram. Haram kommune ynskjer å være en berekraftig inkluderande og framtidsretta kommune som setter innbyggjarens behov i fokus. FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for all kommunal planlegging og utvikling.

Mål

- Oppretta en effektiv og oversiktleg administrativ struktur
- Tilby likeverdige tenester til alle innbyggjarar
- Sikre økonomisk berekraft gjennom forsiktig økonomistyring og nøye vurdering av investeringar
- Fremme samarbeid og medverking for å sikre eigarskap og læring på tvers av strukturer.
- Revisjon av kommuneplanens samfunnsdel
- Tilpassing av tenestetilbod til befolkningsutviklinga
- Implementering av FNs berekraftsmål i all kommunal planlegging
- Effektivisering av driftsnivå og økonomisk tilpassing

Det skal leggst til rette for samarbeid med andre kommunar der det er hensiktsmessig. Tidlegare samarbeid skal vurderast gjenopprettast. Nye samarbeid skal vurderast basert på kapasitet og behov.

Eigarskap

Kommunedirektøren skal sikre at avtaler, samarbeid og eigarskap er i tråd med hovudprinsippa i budsjett og økonomiplan. Eigarskap i kommunale aksjeselskapet og forvaltning av finansporteføljen skal bidra til økonomisk berekraft og nødvendig risikokapasitet.

2.5 INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TENESTER

Interkommunalt samarbeid kan bli organisert i eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap, samverkeføretak, foreining/stiftelse eller ein anna eining som det er rettsleg adgang til. Ein del av dei kommunale oppgåvene kan blir utført i interkommunale samarbeid. Ein oversikt over Haram kommune sine interkommunale samarbeid ligg i vedlegg 1.

3 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I KOMMUNEN – FORVALTNINGSREVISJON

3.1 BEREKRAFT OG SAMFUNNSUTVIKLING

Planlegging er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekkje av dei samfunnsutfordringane vi står ovanfor, må bli løyst gjennom ein strategisk og planmessig tilnærming. Dette omfattar arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnstrygging og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgsteneste, folkehelsearbeid med meir.

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å **utrydde fattigdom, motverke skilnad og stoppe klimaendring** (FN-sambandet 2023). To tredjedelar av berekraftsmåla kan berre bli nådd gjennom lokal innsats, noko som gir kommunane ein avgjerande rolle i arbeidet.

Planlegging er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekkje av dei samfunnsutfordringane vi står ovanfor, må bli løyst gjennom en strategisk og planmessig tilnærming. Dette omfattar arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnstrygging og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgsteneste, folkehelsearbeid med meir. Regjeringa og statsforvalteren ventar at berekraftsmåla skal vere utgangspunkt for all kommunal planlegging.

Det generelle kostnadsbiletet er aukande, særleg innan pleie- og omsorgssektoren. Utrekningar viser at kommunesektorens årlege kostnadsvekst, som følgje av endringar i demografien, om få år vil vere to til tre gonger så høg som i 2022 (KS 2023:15). Mange kommunar har ein krevjande **økonomi** med høg gjeld og høgare driftsutgifter enn -inntekter. Kommunane må planlegge for å **tilpasse drifta til inntektene**. Kommunane skal nytte **finansielle måltal** som verktøy i styringa av økonomien. Kommunane står ovanfor tøffe prioriteringar framover, og må planlegge **strategisk og samla** (Statsforvalteren sitt forventningsbrev for 2023).

Kommunane har ein stor oppgåve i å **få ned klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit endra klima**. Den verksemda kommunen legg opp til må sette minst muleg fotavtrykk i miljøet. Vi byggjer ned naturen, og mange artar er borte, eller sterkt trua. Freding av naturområde og matjord må få større merksemd. Noreg har plikta seg til å verne 30 prosent av naturen innan 2030. Dette krev at kommunane tek grep om samfunnsutviklinga på den måten dei kan.

Moglege risikofaktorar

- Manglande kompetanse og prioritering
- Berekraftsmåla er ikkje satt i samanheng
- Ulike berekraftsmål kan vere i konflikt med kvarandre

- Manglande strategisk planlegging av arbeidet med berekraftsmåla
- Drifta er ikkje tilpassa inntektene
- Planlegg ikkje langt nok fram i tid
- Samfunnsdelen blir vedteke seint i kommunestyreperioden (KS 2022:42)
- Manglande kobling mellom samfunnsdel og andre planer, budsjett og økonomiplan
- Mangelfull oppfølging av tiltak
- Arbeider ikkje for å bevare naturmangfald
- Prioriterer ikkje å redusere klimagassutslepp
- Gjennomfører ikkje konkrete klimatiltak (gjennom klimabudsjett/styringsverktøy)

Opplysningar om kommunen

Frå tidlegare kommuneplan sin samfunnsdel, for Ålesund kommune, inneheld planen 23 hovudmål fordelt på tre satsingsområde som igjen bygger på FN sine berekraftsmål. Dei tre satsingsområda inneheld mål for samfunnsutviklinga, miljøet og kommunen sitt tilbod til innbyggjarane.

Med etablering av ein ny kommune er det ønsket om å sjå på måla kommunen sette seg på nytt. Haram kommune viser til at dei vil ha mange av dei same overordna utfordringane som Ålesund kommune, men må angripe desse ut frå sitt perspektiv. Haram kommune vil ta utgangspunkt i at alt kommunalt utviklingsarbeid der FN sine berekraftsmål vil vere førande. Haram kommune opplysa at de ønsker at berekraftsmåla får ein større plass i all kommunal planlegging på sikt. (Handlings- og økonomiplan 2024-2027)

Haram kommune er en del av pakt samarbeidet i Ålesundsregionen. PAKT-planen er strategisk plandokument for en effektiv og klimavennleg arealbruk og berekraftig transportløyser. Planen skal bidra til å samordne og har et overordna perspektiv. PAKT ser arealbruk og transport i regionen i samanheng, i eit klimaperspektiv, og med FN sine berekraftsmål som fundament. På bakgrunn av PAKT – planen vil berekraftig mobilitet og effektiv arealbruk vere nøkkelfor ei god lokal og regional utvikling i åra framover. Fortetting og betre utnytting av allerede nedbygd areal er sentrale grep.

I handlingsplanen vises det til at kommunen ønsker å bidra til at Haram fortsett utviklinga mot eit natur, klima- og miljøklokt samfunn. Haram kommune har eit stort naturmangfald, og kommunen ønskjer å få fortsette å arbeide med å sikre naturmangfaldet og økosystem på land og i vatn. Haram kommune ønsker å fortsette å prioritera å utvikla og setja i verk miljøvennlege løysingar - særleg på området vatn og avløp. Arbeid knytt til klimaendringar er òg viktig - spesifikt med handtering av styrtnebbør og uønskt overvatn. Planen har til hensikt å bidra til ein heilskaplege, langsiktige og berekraftige transportløyser. (PAKT 2022) (Handlings- og økonomiplan 2024-2027)

Innan eigedom og kommunale bygg har kommunen vektlagt berekraft der dei vil fortsette å søkje å redusere energibruken, mellom anna ved å fortsette å delta i felles samarbeidsprosjekt, leggja til rette for lågare energibehov i rehabiliterte bygg, ved å vidareutvikla energioppfølging og -styring, og gjennom kompetanseutvikling hos medarbeidarar innan ulike ENØK tiltak. (Handlings- og økonomiplan 2024-2027)

Haram kommune er med i KS-nettverket “Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel” der fokuset og merksemd vil vere å få til ein effektiv og enkel planprosess med dei folkevalde i førarsetet.

Organisering rundt beredskap informerer kommunen har til dels blitt testa ved uvær, som den nye kommunen som har tatt lærdom fra. Haram kommune ansvarsfordeling for beredskapen der det er kommunedirektør som leiar beredskapen overordna og heilskapleg, i tillegg til tilknytta leiarfunksjonar i kommunen, er det og på plass den tilstrekkelege systemstøtten. Haram kommune er i arbeidsprosessen med en samfunnsplan, der dei har mål om å vedta planen innen utgangen av 2024. (Oppstartsmøte)

Kommunestyret i Haram har vedteke den 25.04.2024 at dei deltek i det interkommunale beredskapsrådet med Ålesund, Giske, og Sula kommuner. (Kommunestyre sak 034/24) Haram kommune er vertskommune for landbruk i samarbeid med fleire kommunar i distriktet.

Våre vurderingar

Haram kommune er med i PAKT-samarbeidet i regionen, der berekraftsmål, klimaomsyn og jordvern er sterkt vektlagt. Kommunen opplyser om at Haram vil redusere energibruken i bygg. Haram er i tillegg med i nettverk for å for til gode planprosessar. Det er ei viss utfordring fordi kommunen er nyetablert og alt av eige tilpassa planverk enda ikkje er fullt ut implementert i organisasjonen. Risikoen vurderast som middels da det gjennom oppstartsmøte og dialog med kommunen verker som det er god bevisstheit om eigne utfordringar knyt til klima, miljøproblematikk og planprosessar i kommunen. Konsekvensen ved lite fokus på området kan sjåast som høg. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentlege for området som M.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlighet for berekraft og samfunnsutvikling:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Manglande tiltak. Manglande strategisk planlegging av arbeidet med berekraftmåla. Få på plass eigne tilpassa planar	Utfordring å konkretisere tiltak for å nå FNs berekraftsmål. Utfordringar med å få implementert ynskja planar innan ønsket tid	Kommunen vil ikkje nå dei måla dei sett. Kommunen får ikkje ein berekraftig organisasjon, samfunn eller økonomi.	L	H	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Arbeid med berekraftsmåla, implementering av nye planar tilpassa Haram

3.2 LOKALDEMOKRATI

VILKÅR FOR LOKALDEMOKRATIET

Lokaldemokrati kan bli sett på som eit ideal der man vektlegg aktiv deltaking i styring og utforming av politikk. Ytringsfridom, deltaking, organisasjonsfridom og likestilling er sentrale demokratiske rettar. Eit velfungerande demokrati er vidare avhengig av at styreorgana fungerer, og at einskilde grupper ikkje får for mykje makt eller blir diskriminert. 85 % av innbyggjarane meiner kommunestyret i eigen kommune er viktig for demokratiet i det norske samfunnet (KS 2022:64).

Moglege risikofaktorar

- Politiske vedtak blir ikkje gjennomført
- Saksgrunnlag i politiske saker er ikkje tilfredsstillande
- Saksarbeidet er ikkje tilpassa folkevalde i mengde og språk
- Lite innbyggarmedverknad
- Avgrensa ytringsfridom
- Vilkåra for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande
- Einskilde grupper får for stor makt
- Truslar og hets mot folkevalde og administrasjon
- Haldningar i samfunnet
- Låg valdeltaking
- Likestillingsarbeid er dårlig forankret blant ansatte og i ledelsen
- Lite merksemd på aktivitetssplikta etter diskrimineringslova
- Mangelfull kartlegging av utfordringar
- Mangelfull opplæring av folkevalde

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Haram kommune legger til rette for demokratisk deltaking på beslutningar som blir avgjort lokalt. Den demokratiske deltakelsen i kommune ved førige kommunestyreval var det ein frammøteprosent på 65,8. Det kjem ikkje frå av talgrunnlaget endringar frå sist val da kommunen har eit anna kommunenummer enn tidlegare. (Valgdirektoratet.no)

Haram har eigene portal der kommunen er samla og visast til dei ulike påverkings moglegheitene som finns for innbyggjarar i kommunen.

Haram kommune sine innbyggjarar kan fremje eigne forslag ved å gå minsak.no, der heimesida til kommunen lenkar direkte til nettstaden for lettare tilgang. Kommunen gir utfyllande opplyser om medverknads alternativa på nettsida, der er det tilgang til kontaktinformasjon til politikare og det er direktelenkar til saker som er på høyring for innspelsmoglegheiter.

Kommunestyret i Haram har hatt tre møter i 2023 og 5 møter ultimo mai 2024. I hovudsak har kommunestyremøte hatt mange saker per møte, dei første møta omhandlar i stor grad val til dei ulike utvala og etableringa av kommunen Haram. Haram har kommune-tv der dei sendar direkte frå kommunestyre møta, og det er moglegheit til å finne tilbake arkiverte klipp. Det var i sak 5/23 i kommunestyre ein sak om lovlegkontroll ved val i kommunen som ikkje førte fram hos

statsforvaltaren. Vedtatt av Haram kommunestyre er Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode den 24.10.2023.

Våre vurderingar

Ved å benytta seg dei moglegheitene kan innbyggjarane i Haram kommune delta aktivt i utforminga og beslutningsprosessane av Haram kommune. Kommunen har ei valdeltaking som ligg over landsgjennomsnittet, noko som kan tolkast som eit teikn på eit velfungerande lokaldemokrati. Ved å legge til rette for brei innbyggjarmedverknad og enkel tilgang i ulike prosessar og oppretthalde god ekstern kommunikasjon, bidreg kommunen til å reduserer risikoen for ekskludering av visse grupper. Vi har ikkje funn som seier at kommunen har høg risiko på dette området. Vi vurderer derfor risikonivå for området som lågt til middels.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for vilkår for lokaldemokratiet:

Risikofaktor	Er det sannsynleg at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Vilkåra for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande Nyetablert	Kommunen legg til for med medverknad i prosessar Generell tendens til større og meir krevjande saksgrunnlag i politiske saker	Trussel mot lokaldemokratiet (politikare forstår ikkje kva dei vedtek). Dei kommunale saksdokumenta er ikkje tilstrekkeleg tilpassa mottakar.	L	M	L 

OPENHEIT OG INNSYN

Å vere open og gje innsyn er somme av dei viktigaste føresetnadane for eit velfungerande demokrati. Kommunen si verksemd skal være **open** og **transparent**. Kommunen og andre offentlege etatar har ansvar for å **dokumentere** sine aktivitetar.

Pressen sitt offentlegutval og Kommunal Rapport har i 2021 undersøkt kor opne kommunane er, det vil seie i kva for grad dei gir tilgang til politiske dokument og sikrar eit generelt innsyn i forvaltinga og dei politiske avgjerane. Undersøkinga viser at Møre og Romsdal er Noregs mest opne fylke. Undersøkinga viste at store kommunar er meir opne enn små kommunar, bruken av styrevervregistret er uendra sida 2018 på 79 prosent og 20,4 prosent av kommunar opplyser å ha søkefunksjon i postlista (Pressens faglige utvalg 2022).

Mulege risikofaktorar

- Manglande merksemd på meiroffentleg
- Manglande kommunikasjonsstrategi
- Manglande krav til korleis tilsette skal møte publikum
- Mangelfull handsaming av arkiverdig materiale
- Manglande protokollføring og postjournal
- Svak internkontroll
- Informasjon som ikkje skulle vore offentleggjort blir offentleggjort
- Auka grad av digitalisering og mangfald av digitale kommunikasjonsformer
- Oppfølging av rettleiingsplikta

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Kommunen opplyser om at arkiv og dokumentsystem blir det gitt opplæring på over Microsoft Teams og på e-lærings plattform. Kommune har fått på plass en egen arkiv/dokumentansvarleg på plass tidleg. Kommunen opplyser om mykje innsynsføresurnader til kommunen no, truleg på grunn av kommunedelinga.

Dei mange innsynsføresurnader fører til at kommunen per nå har noko forseinkingar på sin postliste, men dette vil mest sannsynleg vedvara kun ei kortare periode i starten av opprettinga av kommunen. Haram kommune er av eiga oppfatning at kommunen tilstrekkeleg kompetanse på området som støttes opp av et godt system.

Haram kommune strøymmer kommunestyremøte direkte på sine heimesider, og ordførar informerer om at man må vurdere ressursbruken på sikt for å finne riktig balanse i forhold til andre utvalsmøta og streaming moglegheiter . Det blir utført folkevaldopplæring for de folkevalde i kommunen ved en ny periode. (Oppstartsmøte)

Kommunen har etter revisjonens vurdering ein brukarvennleg og informativ nettstad, og postjournalen er oppdatert. Stikkprøver i forbindelse med risiko og vesentlegvurderinga på fleire postjournaldokument viser at dokumenta som skal være skjerma faktisk er det.

Vår vurdering

Området er vesentleg for kommunens tillit og omdømme. Kommunen har tiltak for å auke involveringa og medverknaden til innbyggjarane, og dette finnes informasjon om dette tilgjengeleg på heimesidene. Kommunen har en postjournal med «avansert søk» og protokoller frå politiske møter legges ut kort tid etter møtet. Kommune er nyetablert og har derfor ingen rangering for siste føreliggande Åpenhetsbarometer. Kommunen gjev inntrykk av å jobbe proaktivt med å forbetre si openheit og innsynsløysningar. Vi vurderer derfor samla risikonivå for området som lågt til middels.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlege for openheit og innsyn:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Mangelfull dokumentering og arkivering av arkivverdig materiale. Informasjon som ikkje skulle vore offentleggjort blir offentleggjort	Det er en ny kommune og mange prosedyrar og rutinar som skal innfasast	Manglande personvern. Negativt for tillit og omdømme. Sensitive opplysningar om innbyggjarar eller viktige opplysningar for kommunen kan bli kjent for uvedkommande.	L	M	L 

3.3 TILLITSSKAPANDE FORVALTNING

Tillit er viktig for samspelet mellom kommunar, næringsliv, frivillige og innbyggjarar, og er ein del av det FN omtalar som sosial berekraft. Høve som **avdekka korrupsjon, manglande innsyn, manglande system til å ta opp kritikkverdige høve** eller **manglande internkontroll**, kan svekke kommunen sin legitimitet og styringsevne.

Folkeundersøkinga frå 2017/2018 viser at både innbyggjarar og folkevalde er mest nøgd med kommunane si evne til å levere teneste i samsvar med innbyggjarane sine behov, og at folkevalde har god styring (KS 2022:52).

INTERNKONTROLL

God internkontroll er essensielt for å sikre gode og riktige teneste, at lovar og føreskrifter blir følgt og at kommunestyret sine vedtak blir fult opp. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitet og risikohøve. Med den nye kommunelova kom skjerpa krav til rapportering om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn frå kommunedirektøren til kommunestyret.

Mulege risikofaktorar

- Manglande risikokartlegging
- Mangelfull internkontroll
- Auka krav til internkontroll
- Feil prioriteringar
- Manglande kompetanse og ressursar
- Mangelfull rapportering på internkontroll
- Mangelfull rapportering, handtering og læring av avvik

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Internkontroll er forankra i kommunelova § 25-1. Dette understreker nødvendigheiten av betryggande kontroll i kommunal virksomhet, både administrativt og økonomisk. Haram har tatt i bruk god Compilo, som kommunen informerer om må byggjes til dels noko opp da kommunen er nyoppretta. Haram kommune overførte enkelte rutinar frå Ålesund som dei har enda, som det planleggast skal revidast i løpet av 2024.

Haram kommune brukar avvikssystemet frå Compilo, kommunen fortel at de hadde nokre mindre utfordringar i 14 dagar etter innfasing som ble løyst undervegs, og systemet fungera no slik det skal. Kommunen har eksternt varslingsmottak ved varslingsaker til eksternt advokatfirma.

ACOS websak+ er det valde saksbehandlingssystemet til kommunen og visast til er velfungerande. Det ble rapportert ein del avvik i ei tidleg oppstartfase som er blitt korrigerert og systemet er betre innfasa etter kvart. Haram er nyoppretta og det er dermed veldig mange nye tilsette og det blir ifølgje kommuneleiinga automatisk en viss læringsfase for de fleste tilsette i en

ny kommune og organisasjon. Haram brukar støtteressursar ved behov frå Ålesund og andre eksterne systemleverandørar. (Oppstartsmøte)

Kommuneleiinga opplever at dei foreløpig manglar litt tempo på enkelte saksområde, som vil betrast når Haram blir meir samkøyr. Haram overtok enkelte saker innan helseområdet frå Ålesund perioden der det hadde vært lang saksbehandling frå tidlegare som det fortsatt er litt etterslep på.

I kvalitetsstyringssystemet Compilo starta Haram ved delinga med ein kopi av det ein hadde i Ålesund. Det er no oppretta ein struktur som stemmer med Haram si organisering, og alle relevante dokument er flytta over i korrekt struktur. Det er framleis ei stor oppgåve å gå gjennom alle rutinar. Oppdatering av rutinar er eit kontinuerleg arbeid, men Haram har ein ekstra stort behov for dette etter kommunedeling. (Faktasjekkmøte 28.06.2024)

Vår vurdering

Kommunen arbeida vidare med sine styringssystem for å ha en overordna internkontroll. God internkontroll er essensielt for organisasjonen for å oppretthalde effektivitet og sikkerheit. Eit godt implementert internkontrollsystem reduserer risiko for kommunen. Kommunen er inne i en fase der dei gjennomgår rutinar. Det er vanskeleg å anslå antall avvik i kommunen, pga nyetablering. Risikovurderingar er grunnlaget for prioriteringar og for å setje i verk tiltak for å redusere risiko. Kommune har gode rutinar frå tidlegare Ålesund kommune, som det fortsatt ligg til grunn i Haram, som kontinuerleg oppdaterast, som det er behov for. Vi vurderer samla risikonivå for området som høg. Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlighet for internkontroll:

Risiko-faktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Mangelfull intern-kontroll. Manglande rapportering Manglande prosedyrar og rutinar	Kommunen har ein utfordrande økonomisk situasjon i dag og i åra som kjem. Kommunen har foreløpig ikkje gjennomført systematiske risikovurderingar. Mangelfull rapportering på internkontroll til kommunestyret.	Kommunestyret har ikkje godt nok grunnlag for å ivareta sitt ansvar. Tiltak blir ikkje målretta. Feilprioriteringar.	M	H	H 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Internkontroll, heilskapleg verksemdstyring, risikovurderingar

ETIKK OG VARSLING

Undersøkingar har vist at om lag halvparten av ordførarar og leiarar har sjølv opplevd ein situasjon med press om uetisk atferd eller tilbod om utilbørleg fordel. Samtidig meiner fleirtalet i DFØs innbyggerundersøking i 2021 at det offentlege handsamar alle grupper rettferdig, medan delen som ikkje er semd i det utgjer 26 prosent. I KS Lokaldemokratiundersøkelse 2017/18 kjem det fram at mange meiner at dei med gode personlege kontaktar i kommunen får betre ivaretatt sine interesser, samstundes som dei ikkje trur at folkevalde utnytt makta for eigen del (KS 2022).

Ein rapport frå Transparency International viser at innbyggjarane i Noreg har høg tillit til myndigheitene. Samstundes peiker rapporten på at det høge tillitsnivået i Noreg må bli ivaretatt. Blind tillit og overdriven tru på at korrupsjon skjer andre stedar enn i Noreg utgjer i seg sjølv ein korrupsjonsrisiko (Økokrim 2022). Det er Transparency International Norge sitt inntrykk at mange er villige til å risikere svært mykje, både når det gjeld straff og omdømmetap, for relativt lite (NKRF 2023).

Mulege risikofaktorar

- Manglande eller eldre etiske retningslinjer
- Manglande eller svak internkontroll
- Mangelfull opplæring i etikk
- Kommunen har ikkje oppdatert rutinane for varsling
- Varslingsrutinane er ikkje godt nok kjent
- Varsling blir ikkje følgt opp
- Det er ikkje trygt å varsle
- Det blir ikkje lagt til rette for varsling
- Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Reglement vedtatt i Ålesund kommune gjeld inntil nye blir vedtatt for Haram kommune. Haram kommune har dermed ein etisk standard som skal følges av tilsette. Desse er elektronisk tilgjengeleg for alle tilsette. Den etiske standarden er eit utfyllande dokument med etikk og varslingsrutinar.

Det kan varslast om kritikkverdige forhold eller avvik til kommunen. Kommunen har virka under eitt år, så det føreligg ikkje tal på om kor mange eventuelle varslingar eller avvik som finns i kommunen.

Haram kommune er medlem i Transparency International Norge. Ein får dermed rapportar frå faktiske saker som har oppstått, og desse gir god støtte for arbeid med bevisstgjeringsinternt i kommunen. Ein får også tilgang til annan informasjon om temaet, artiklar, fagmøter og liknande. (Faktasjekkmøte 28.06.2024)

Kommunen er som nemnt i ferd med å bygge opp deira system, blant anna Compilo der avviks handtering vil foregå. Styringssystemet i Compilo er bygd opp etter COSO rammeverk og prinsippa i ISO 9001:2015. COSO rammeverket er eit rammeverk for internkontroll og verksemdsstyring, som skal bidrege til styrking av kommunens interne kontroll. Kommunen har eit godt grunnlag med å bygge Compilo ved å legge rutinar og malar frå tidlegare Ålesund

kommune og over i eige system. Området etikk og varsling er ikkje trekt fram som eit spesielt problematisk område i spørjeundersøkinga. (Faktasjekkmøte 28.06.2024)

Vår vurdering

Kommunen har etiske retningslinjer. Det føreligg etisk standard og rutinar frå tidlegare Ålesund kommune, og har som mål å slutføra dette arbeidet med å overføra og implementere Haram kommune sine egne retningslinjer og prosedyrar. Vi har ikkje funn som tilseier at dette er eit spesielt risikofylt område for kommunen. Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlege for etikk og varsling:

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlighet for etikk og varsling:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.	Haram kommune har utfyllande etisk standard, regleverk og retningslinjer foreløpig frå Ålesund kommune.	Manglande samordning av verneombodets verksemd.	L	M	L
Det blir ikkje lagt til rette for varsling.	Kommunen implementere gradvis standardar og rutinar, og alle er ikkje fullt ut implementert enda.	Svak rettstryggleik for innbyggaren/tilsette.			
		Svekket omdømme.			

INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Komplekse oppgåver og mangel på ressursar gjer det krevjande for kommunane å nå sine mål. Løysinga kan vere **interkommunale samarbeid** (Statsforvalteren 2023).

Ei kartlegging av interkommunale samarbeid utført på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet har formulert suksessfaktorar for velfungerande interkommunale samarbeid, avhengig av kva for samarbeidsform som er valt; **eigarskap til mål** hjå folkevalde og administrasjon i samarbeidskommunane, **formalisering** av samarbeidet og **profesjonell eigarstyring**, og **resultatrapportering**, **kommunikasjon** og pleiing av relasjonar og tillit.

Når kommunar organiser delar av verksemda si som eigne selskap eller i samarbeid med andre kommunar, kan det skape utfordringar for demokratiet ved at selskapa i mindre grad er direkte underlagt kommunestyret.

Moglege risikofaktorar

- Informasjon om tenesta og verksemda blir ikkje etterspurt av folkevalde
- Mangelfull rapportering frå vertskommunen
- Manglande eigarskap til mål både politisk og administrativt
- Lite formalisert samarbeid
- Lite tillitsskapande kommunikasjon
- Tenesta blir ikkje følgt opp i praksis
- Manglande oppfølging av inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret

Opplysningar om kommunen

På oppdrag frå statsforvaltaren har NIVI (2023) utarbeida ein rapport om Interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal. Rapporten peiker på somme utfordringar ved kommunalt samarbeid. Dette er manglande samordning mot eget tenesteapparat, mindre effektiv administrativ styring, samarbeid på dei store kommunane sine premisser, manglande demokratisk eigarskap og kontroll, og avvikande forvaltningskultur i interkommunale selskap. I rapporten går det fram at Haram startar opp med 26 formelle samarbeidsordningar. Haram kommune er vertskommune for 1 ordning på landbruk og 25 ordningar med bistand frå andre kommunar.

Mange av kommunen sine teneste blir levert gjennom interkommunale samarbeid med andre kommunar. Det er viktig å formalisere desse samarbeida, og at det blir stilt krav til rapportering frå vertskommunane, og god dialog mellom eigarkommunane. Vi ser ein risiko for at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad følg opp inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret.

NIVI analyse sin kartlegging viser for nye Haram kommune at kommunen vil delta i 26 formelle samarbeidsordningar frå oppstarten den 1.1.2024. Haram vil delta i mange etablerte samarbeidsordningar saman med Ålesund, Sula, Giske og andre nabokommunar. På minst tre viktige områder er det bestemt at Haram kommune skal ha egne løysningar. I 2013 ble det registrert 41 samarbeidsordningar for Haram kommune. Ut frå kommunens spesielle geografiske lokalisering og nære relasjon til nabokommunane viser rapporten at det er grunn til å forvente vekst i det interkommunale samarbeidet i årene framover. (NIVI 2023)

Kommuneleiinga opplev at informasjon om dei interkommunale kommunale tenester kan bli betre. I oppstartsmøte ble det drøfta og omtalt de ulike driftsavtaler for kommunen og Haram sine interkommunale samarbeid og ressursbruk. Leiinga i Haram kommune uttrykker i oppstartsmøtet at dei følgjer situasjonen tett med tanke på om det kan potensielt bli utfordringar med stadig aukande kostnader på fleire felt. (Oppstartsmøte)

Våre vurderingar

Fleire av kommunens tenester ytes gjennom interkommunale samarbeid med andre kommunar. Det er viktig å formalisere disse samarbeida, at det stilles krav til rapportering frå vertskommunane, og at det er god dialog mellom eigarkommunane. Noko av det Haram foreløpig oppleve vil være eingongshendingar og nokre omstillingskostnader etter en kommunedeling, og fokus burde rettes framover innan samarbeidsarbeida.

Vi vurderer at kommunen burde være oppmerksame i en den tidlege fasen kommune nå er inne. Samtidig kan de føreliggande samarbeidande styrke kommunens kompetanse og gi bidrag til rasjonell drift innan de ulike avtalene. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentlege for området som middels/høg.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegsvurdering for interkommunale samarbeid i Haram:

Risiko-faktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen implementerer og følgjer ikkje i tilstrekkeleg grad opp inngåtte avtaler og rapportar frå samarbeidet til kommunestyret. Mange samarbeidsordningar for kommunen heilt frå oppstart.	Mangelfull systematisk rapportering og oppfølging av avtalar og teneste. Kommunen etablerte samarbeid på kritiske viktige områder frå oppstart.	Kommunestyret har ikkje godt nok grunnlag for å følgje opp tenesta.	M	H	H 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Interkommunale samarbeid, oppfølging av avtalar, rapportering

DIGITALISERING OG INFORMASJONSTRYGGING

Kommune-CSIRT ventar eit høgt volum av **digitale angrep** i sin analyse og utsikt for 2023. Trygging utfordringar som blir omtala er mellom anna: digital prosessstyring av vassleveranse, SD-anlegg (system for sentral drift av eks. varme og ventilasjon), låsesystem for bygg og idrettsanlegg, velferdsteknologi, heisstyring, tryggingsskamera/overvåkingskamera, kraftverk/kraftleveranse, reinseanlegg og avfallsdeponi og forbrenningsanlegg.

Det er ein gjennomgåande tendens at digitaliseringen skjer på **tross av personvernet**. Det er fremhevet at personvernet i skule og barnehage er under press. Det ble motteke flest klagar på feil i handsaming av personopplysningar i registre. Det er meldt auka tal meldingar om brot på personopplysningstrygginga, grunna **feilsendingar og feilpubliseringar**, men også at tilgangsstyring er eit problem (Datatilsynets årsrapport for 2022).

Mulege risikofaktorar

- Svak internkontroll
- Dokumentasjon av plikter
- Manglande databehandlaravtalar med eksterne aktørar
- Mangelfull dokumentasjon av handsamingsaktivitetar
- Organisasjonskultur og kompetanse
- Manglande risikovurdering på området
- Oppfølging av personvern i einingane
- Tilgangsstyring
- Komplisert og omfattande regelverk
- Personvern er ikkje tilfredsstillande.
- Informasjonstrygginga er ikkje tilfredsstillande

Opplysningar om kommunen

Haram kommune har Chatbot som er lett tilgjengeleg for informasjon til innbyggjarane. Det er løysinga Framsikt kommunen har for si verksemd. Framsikt er ei skybasert løysning for heilskapleg verksemdsstyring. Framsikt kan brukast til blant anna analyse, planlegging, mål- og resultatstyring, budsjettering, verktøyet tilfredstillar krava i kommunelova § 25.

Haram kommune har ikkje utarbeidd ein eigen digitaliseringsstrategi foreløpig. Kommunen henviser til den gjeldande strategien frå KS. Én digital offentlig sektor Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019–2025. Store delar av digitalisering arbeidet til kommunen er ivareteke av ulike samarbeida kommunen er med i, og Haram har allereie en arkiv og dokumentansvarleg som har til hensikt å til dels sørge for informasjonstrygginga. (Oppstartsmøte)

Haram kommune er i tillegg med i eit offentlig samarbeid om IKT og digitalisering med Ålesund, Sula, Giske, Fjord kommune som avtalepartnerar. Dette samarbeidet er kjent som e-kommune sunnmøre, som har til formål å styrke den teknologiske infrastrukturen og samarbeidet mellom kommunane. Denne portalen er felles for alle tilsette i kommunen ved innlogging i ulike eksterne digitale verktøy og løysingar. Gjennom samarbeidet kan kommunane å dele ressursar, kunnskap og beste praksis for å optimalisere bruk av teknologi i sine tenester. (e-sunnmore.no)

I eKommune-samarbeidet er ein i gang med å utarbeide eit felles grunnlag for styringssystem for informasjonssikkerheit (ISMS). Ein samarbeider også om rutinar for godkjenning av appar til skule og andre IT-system, og gjer også relevante vurderingar (ROS og DPIA) i lag for å styrke gode faglege vurderingar som alle kan ha nytte av. Haram kommune har personvernombod via IKA Møre og Romsdal, og har oppretta eit godt samarbeid med desse. Ein får gode råd om spørsmål som gjeld personvern, til dømes i arbeid med DPIA. (Faktasjekkmøte)

Våre vurderingar

Vi vurderer at kommunen si deltaking i samarbeidet e-kommune Sunnmøre er med å redusere risikoen for at risikofaktorar skal inntreffe innan personvern og informasjonstryggleik til middels risiko, men vi vurderer området til å ha høg vesentlegheit. Kommune har avtalar og har implementert fleire gode digitale løysningar, og legg til rette for vidareutvikling innan område. Kommunen har ikkje eigen digitaliseringsstrategi som er viktig for ei god vidareutvikling og effektivitet for Haram kommune. Vi vurderer samla risiko som middels.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegsvurdering for digitalisering og informasjonstrygging:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Personvern er ikkje tilfredsstillande. Informasjons-sikkerheita er ikkje tilfredsstillande Lite erfaring på området.	Mangelfull risikovurdering i einingane. Deltaking i e-kommune redusera risiko innanfor personvern og informasjonssikkerhet.	Negativt for tillit og omdømme. Belastning for enkeltindivid. Manglande overholdelse av personvern. Sensitive opplysningar for innbyggjarar eller viktige opplysningar for kommunen blir spreidd til uvedkommande.	M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

Planer/ digitaliseringsstrategier

OFFENTLEGE INNKJØP

Norske kommunar må følgje lov og føreskrift om offentlege innkjøp. Lova skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar, og den skal sikre at det offentlege opptrer med integritet. Vidare skal reglane bidra til å motverke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motverke brot på menneskerettane.

Økokrim skriv trusselvurderinga for 2022 at **korruptsjonsrisikoen** i kommunal sektor er størst i konkurranserunder (Økokrim 2022).

Kommunar kjøper inn for store summer, og har gjennom innkjøp eit instrument for å jobbe med berekraft, til dømes gjennom å fremme omstilling til sirkulær økonomi.

Det er sannsynleg at kriminelle aktørar vil prøve å utnytte ukrainarar og andre utanlandske og sårbare arbeidstakarar til **svart og ulovleg arbeid**. Utnytting skjer særleg i arbeidsintensive yrke med ein høg del ufaglærte som **bygg og anlegg**, bilpleie- og verkstad, varetransport, reinhald og sesongarbeid innan jordbruk og fiskeri. Bruk av ulovleg arbeidskraft har over fleire år vore ein utbreidd form for arbeidslivskriminalitet.

Moglege risikofaktorar

- Offentlege innkjøp blir ikkje gjort tilfredsstillande
- Svak internkontroll
- Kompetanse og ressursar
 - Offentlege innkjøp
 - Arbeidslivskriminalitet
- Manglande openheit
- Manglande miljøomsyn
 - Sirkulær økonomi
- Uklare ansvarshøve
- Mangelfull kostnadskontroll og økonomistyring
- Næringar med større risiko for kriminalitet
- Delen av utanlandsk arbeidskraft er stor
- Lite samhandling med andre offentlege styresmaktar

Opplysningar om kommunen

Haram kommune sitt reglement for offentlege anskaffingar frå Ålesund kommune gjeld fortsatt. I oppstartsmøtet opplyser kommuneleiinga at det blir føretatt kjøp blant annet frå Ålesund i forbindelse med innkjøpssamarbeidet, der det kan bli utfordringar med stadig aukande kostnader som er bekymringsverdig. Det føreligg ikkje talmateriale frå eksempel KOFA (klagenemnda for offentlige anskaffelser) då kommunen er nystarta. Siste sak vedrørande Haram kommune i KOFA er frå 2016.

I spørjeundersøkinga som har relativt få svar peika einskilte politikarar i kommunen på utfordringar som økonomi, herunder offentlege innkjøp og tilknytta kostnader.

Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre kommunane er Haram kommune ein deltakar i. Innkjøpssamarbeidet er leia av konserninnkjøp frå Ålesund kommune. Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre består av 14 kommunane på Sunnmøre med eigen verksemdsleiar. Samarbeidskommunane får tilbod om å delta på Ålesund kommune sine rammeavtalar og får

og rådgiving i innkjøpsfaglege spørsmål. Det føreligg elektronisk oversikt over alle rammeavtalane som Ålesund kommune har.

Våre vurderingar

Innkjøp er utfordrande for kommunar fordi det har et komplekst regelverk, mange tilsette har oppgåver med innkjøp og det er store pengesummar involvert. Innkjøp og offentlege anskaffingar er generelt eit risikoområde. Innkjøpssamarbeid på Sunnmøre med konserninnkjøp frå Ålesund kommune har slik vi vurderer det god fagleg kompetanse på området sentralt. Konsern innkjøp gjennom innkjøpssamarbeidet vurderast å ha god kontroll på innkjøp og offentlig anskaffingar, men at dette er et generelt risikoområde, vurderer vi samla risikonivå for området som middels.

Tabellen viser vår vurdering av risiko for området offentlege innkjøp:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Innkjøp er ikkje gjort tilfredsstillande.	Mangelfull internkontroll, herunder opplæring og etterleving.	Tap av verdiar, tillit og omdømme.	M	M	M
Komplekst regelverk på området.	Mangelfull oppfølging av seriøsitetvilkåra.	Korrupsjon, arbeidslivs-kriminalitet og kameraderi.			
Deltakar i større innkjøpsnettverk					

- Interkommunale samarbeid, oppfølging av avtalar, rapportering

3.4 TENESTEYTING OG UTØVING AV MYNDE

KLART SPRÅK

Med språklova som gjeld frå 1.1.2022, har offentlege organ plikt til å bruke klart og korrekt **språk** som er tilpassa målgruppa. I media har det den siste tida vore søkjelys på at innbyggjarar kan ha utfordringar med å forstå offentlege vedtak og den informasjon som blir gitt dem. Med stadig mindre kundekontakt, er klart og godt språk viktig for innbyggjaren.

Moglege risikofaktorar

- Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa
- Kommunen har ikkje eit klart og brukarvennleg språk
- Ressursar blir brukt uhensiktsmessig
- Risiko for brukar.

Opplysningar om kommunen

Nettsidene til Haram kommune og deira digitale tenester skal vere tilgjengelege for alle. Det føreligg tilgjengelegheitserklæring på heimesida til kommune.

Haram kommune opplistar tiltak for å støtte tilgjengelighet:

- Følgje likestillings- og diskrimineringsloven og forskrift om universell utforming av IKT-løysingar.
- Sjå til at nettstaden deira følger krava om tilgjengelegheit i Web Content Accessibility Guidelines (WCAG 2.1-standard).

Kommune opplysa at dei jobbar kontinuerleg med å gjere nettløysingane tilgjengelege. Det er henvisning til klart språk og språkrådet frå kommunens chatbot. Kommunens nettstad gir inntrykk av å vera informativ og ha eit klart og brukarvennleg språk med enkel tilgang til brukarretta informasjon.

Våre vurderingar

Klart språk er vesentleg for innbyggjarane, medarbeidar og omdømme. Vi har ikkje informasjon om korleis informasjon arbeidar vidare utover til brukaren og innbyggjaren er formidla. Kommunen har tilgjengelegheitserklæring og det arbeidast noko med klart språk i Haram. Kommunens nettside har mindre manglar omkring krav til universell utforming. Vi setter derfor risikonivå til lavt.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen har ikkje eit klart og brukarvennleg språk.	Kommunen har tiltak som styrkar arbeidet med klart språk.	Informasjon og vedtak blir ikkje forstått.	L	M	L
Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa.	Kommunen har tilgjengelegheitserklæring	Ikkje effektiv ressursbruk.			

PERSONALFORVALTNING

Mange kommunar har utfordringar med å rekruttere og få tak i riktig kompetanse. Kommunar har utfordringar med å **rekruttere** helsepersonell, særleg sjukepleiarar og legar. Mange kommunar har utfordring med å rekruttere psykolog og vernepleiarar (Helsedirektoratet 2021). For å kunne halde fram med å gje gode teneste, må kommunen ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. **Omstillingsarbeidet** må være systematisk, strategisk og målretta (Statsforvalteren 2023).

Det legemeldte **sjukefråværet** i 4. kvartal 2022 er 5,7 prosent i Norge (NAV). Kvinner har høgare sjukefråvær enn menn. Korona pregar sjukefråværet enda, som er høgare enn før pandemien. Vi ser at høgt sjukefråvær og stort arbeidspress kan utfordre **arbeidsmiljøet**.

Moglege risikofaktorar

- Mangel på kvalifisert arbeidskraft
- Nok og riktig kompetanse og ressursar
- Auka krav til fagutdanning
- Omstillingsarbeid
- Mangelfull organisering og leiing
- Lite søkjelys på arbeidsmiljø
- Manglande førebygging
- Manglande oppfølging og tilrettelegging
- Høgt sjukefråvær
- Manglande kunnskap om kva som aukar sjukefråværet påverkar moglegheitene for tiltak
- Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande
- Storleiken til kommunen gjer den sårbar.

Oppllysningar om kommunen

Kommune har mange nye tilsette da Haram er nyoppretta, men kommuneleiinga visar til at det og det er mange med lang erfaring frå kommunal verksemd og mange kompetente tilsette. På personalområdet har Haram kommune 2 årsverk, med en HR-sjef og en HR-rådgivar tilsett. Kommunedirektør opplyser generelt at det ønskes maksimal delegering i organisasjonen og man ynsker ikkje ha unødvendig lange beslutningskjeder i kommunen.

Det er foreløpig ikkje gjennomført medarbeiderundersøking eller andre undersøkingar, da kommunen er ny. Haram kommune planlegg ifylgje spørjeundersøkinga ein 10 faktor undersøking innan 2 år.

På leiarnivå i spørjeundersøkinga er det få svar men einingane brukar Compilo som system, og det opplystast om at alle tilsette får opplæring i bruken av systemet. Haram har vektlagt intern opplæring i kommunen. Kommunen har samarbeidsløysingar og tverrfaglege tilnærming på fleire saksområde. (Spørjeundersøking)

Det er delte svar på området om det er tilstrekkeleg saksbehandlingskapasitet ved einingane, der svara tenderer til å fordele seg meir mot uvisse, da fleire av einingane ikkje har altfor mye erfaring å lita på då det ein ny kommune.

Svara tyder at kommunen er sårbare ved frávær men har tiltak gjennom å delegere mynde og ansvar ved fráværet. Det er ein relativt høg andel av tilsette som kan gå inn og gjera jobben ved fráværet ifylgje spørjeundersøkinga.

Det er ikkje mottatt klager ved einingane, som kan antas er foreløpig og et eit forbigåande fenomen da kommunen er under et halvt år enda. (Spørjeundersøking)

Kommunen har eit informativt delegeringsreglement som inndelt etter lovområde elektronisk tilgjengeleg. Kommunen har ikkje utarbeida eige rekrutterings- eller arbeidsgjevarstrategi på noverande tidspunkt. Kommune har ulike utval, som råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldre og ungdomsråd.

Det føreligg ikkje sjukefráværstall i kommunen no, men frå statistikken frå Ålesund kommune samla var i 2023 på 9,89 prosent, som er litt over landsgjennomsnittet, og forholdsvis høgt.

Det er noko ulikt frå dei enkelte einingane men i hovudsak er kommuneleiinga fornøgde på personalområdet, men visar til at det kan vere ei utfordring med rekruttering innan helseområdet (Oppstartsmøte)

Våre vurderingar

Personalforvaltning er vesentleg for medarbeidarar, økonomi, brukaren og omdømme. Kommuneleiinga visar til at dei har en gode, erfarne og kompetente tilsette, men at det er ein del usikkerheitsmoment då det er mange nye tilsette i organisasjonen. Det føreligg ikkje tilstrekkeleg tall for å vurdere sjukefrávær eller arbeidsmiljøet eller utvikling innan områda for Haram per no. Det er eit område i kommunen som kan innhalda komplekse omstillingsutfordringar ved etablering av ny organisasjon, og at tilsetting på blant annet helse- og omsorgsområdet kan gi auka risiko for framtidige rekrutteringsutfordringar på området.

Tabellen viser vår vurdering av risiko for området personalforvaltning:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Nok og riktig kompetanse og ressursar.	Kommunen har eit høgare sjukefråvær enn målsettinga.	Kommunen kan få framtidige utfordringar med å få tak i nok og riktig kompetanse.	M	H	H
Tall før egen organisasjon tilseier høgt sjukefråvær.	Kommunen har foreløpig fått rekruttert ønska tilsette.	Dette kan påverke endrings- og utviklingsarbeidet i einingane, i tillegg til å auke risikoen for kvaliteten på tenestene.			
Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande.	Usikkerheits moment på framtidig rekruttering på helseområdet	Vi vurderer risikoen som høy for at også andre einingar og tenester kan ha same utfordring med kompetanse.			

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Rekruttering, særskilt på helseområdet.

OPPVEKST

Ungt utanforskap er ein av de store utfordringane i det norske samfunnet i dag. Mange unge faller ut av vidaregåande opplæring og talet på unge uføre aukar. Eit auka tal på barn veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Psykiske lidningar er ein viktig årsak til uføre blant unge og fråfall frå utdanning- og arbeidsliv. Omkostningane er store både for samfunnet og for dei unge det gjeld, i tillegg til at arbeidslivet mister tilgang til naudsynt arbeidskraft og kompetanse (KS 2022: 47). Eit berekraftig velferdssamfunn føreset at fleire deltek i arbeidslivet, og at fleire står lenger i arbeid.

Kommunen må jobbe **breidt og samla** for eit godt tenestetilbod til alle barn og unge.

Statsforvalteren ventar at kommunane **styrker det helsefremmande og førebyggjande** arbeidet til barn, unge og deira familiar, inkluderer tilbodet til gravide, gjennom helsestasjon- og skolehelsetenesta, at kommunane satser på **lågterskel psykisk helsehjelp**, slik at ein kan få rask hjelp utan henvisning, og at kommunane gir alle barn og unge som blir henvist til psykisk helsevern tilbod om vurderingssamtale (Statsforvalteren i Møre og Romsdal sitt forventningsbrev for 2023).

Rapporten «**Tidlig innsats**, tidlig i livet» utarbeid av forskarar på oppdrag for KS trekker frem kommunikasjon, samarbeid og samhandling mellom tenestene som viktige kriterier. Godt **tverrfaglig samarbeid** mellom aktuelle instansar, og kunnskap om andre relevante tenestetilbod er viktig for å komme tidleg på banen. Rapporten viser til at språk og kommunikasjon mellom instansane kunne vore betre. Barnehagen blir omtalt som spesielt viktig i arbeidet med tidleg innsats. Forskarane argumenterer for at det bør bli arbeidd for å få relativt fleire pedagogar i barnehagen.

Moglege risikofaktorar

- Tidleg innsats fungerer ikkje tilstrekkeleg
- Ressursmangel
- Nye kompetansekrav i skule og barnehage blir ikkje følgt opp
- Utilfredsstillande internkontrollrutinar
 - o Manglande risikovurdering
- Mangelfulle rutinar for overgangar
- Manglande førebyggingsarbeid
- Mangelfulle rutinar for å fange opp barns ulike behov
 - o Ikkje tilpassa undervisning
- Mangelfull eller feil gjennomføring av aktivitetsplikta
- Mangelfulle rutinar for å skape eit inkluderande miljø
- Ungt utanforskap
- Kvaliteten i oppvekstsektoren er ikkje tilfredsstillande
- Spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning fungerer ikkje tilfredsstillande
- Uklare forventningar mellom skule-heim
- Mangelfull medverknad
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid
 - o Utilstrekkeleg bistand frå PPT
- Mangelfull oppfølging av barnehage

Opplysningar om kommunen

I kommunalområdet barnehage og skule har Haram ein kommunalsjef og ein fagstab med 2,5 årsverk på leiarnivå 1. På leiarnivå 2 er der 12 tenesteleiarar fordelt på fem kommunale barnehagar og ni kommunale skular. Skulane om er organisert i sju tenesteområde.

Skulane i kommunen Flem skule, Haramsøy skule, Lepsøy skule, Søvik skule, Brattvåg barneskule, Brattvåg ungdomsskule, Tennfjord skule, Vatne barneskule, Vatne ungdomsskule i tillegg til private skular. Kommunen har byggeprosjekt innan oppvekstområdet da det skal byggast ein ny skule på Eidet. (Haram.kommune.no)

Av dei som oppfyller kompetansekrav i skulane i Haram jamfør opplæringslova er barneskulane Søvik, Lepsøy, Flem, Haramsøy barne og ungdomskule, og både Vatne ungdomskole og Vatne barneskule oppfylle lovkravet ifølge GSI tala for 2023/24.

På Tennfjord skule er to av 19 lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava, og på Brattvåg ungdomskole 1 lærar som ikkje oppfyller krava, og på barneskulen i Brattvåg er det tilsvarande 4 lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava til undervisning etter opplæringslova. (GSI udir.no)

Barnehagane i Haram er Tennfjord barnehage, Søvik, Hildre, Haramsøy og Lepsøy barnehage. Hildre er frå juni 2024 montessoribarnehage. (Haram.kommune.no)

I Haram kommune går det total 178 born, fordelt på dei kommunale barnehagane. Det er 5,9 barn per tilsette og 13,6 born per barnehagelærer i kommunen. Haramsøy, Lepsøy og Hildre oppfylte pedagognormen, mens Tennfjord og Søvik barnehage oppfylte normen med dispensasjon. (Barnehagefakta.no)

Haram kommune har ein skuleeigarstrategi som formannskapet blei orientert om i sak 003/24. Skuleeigarstrategien er det overordna styringsdokumentet for dei kommunale grunnskulane i Haram. Strategien er opp i et hovudmål og tre delmål. Hovudmålet for Haram er:

- elevane skal meistre grunnleggande ferdigheiter og det å være del eit fellesskap, slik at dei er klare til å møte framtida sine utfordringar og ta del i samfunnslivet. Delmåla til skulesektoren i Haram er inndelt i skulemiljø, undervisningskvalitet og samarbeid skule og heim.

Kommunen opplyser om at dei startar i desse dagar opp arbeidet med å arbeide fram ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar i Haram.

Haram kommune har ifølgje folkehelseprofilen oppleving av nærmiljøet som trygt i kommunen på 90%, som er litt over landsgjennomsnittet på 84%, mens det er utilstrekkeleg talgrunnlag til å vise statistikk på andel av 17-åringar som trener. Av undersøkinga kan ein lese at det er nokre fleire som ligg på lågaste meistringsnivå i lesing på 5.trinnet (folkehelseprofilen)

Dei kommunale skulane i Haram har ei samla budsjetttramme på 109 millionar kr. Gjennom Haramsmodellen ønsker kommunen eit tettare og meir systematisk samarbeid mellom skule og næringsliv. Haram viser i strategien til at ein hadde gode erfaringar frå før kommunesamanslåinga. Ein eigen partnerskapsavtale er signert, og denne vil sikre at alle elevar får opparbeida erfaring med ulike bedrifter som er til stades i kommunen. Skulane i Haram gjennomfører også ulike program for ulike alderstrinn gjennom Ungt entreprenørskap (Løypemelding skule, sak 003/24 formannskapet)

Våre vurderingar

Kommunalområdet vesentleg for innbyggjar, medarbeidar, økonomi og politikk. Nasjonale trendar tyder på at barn og ungdom strever meir. I strategien for Haram visast det og til talet på elevar som rapporterer om mobbing som urovekkande. Kommunen arbeida aktivt med planar og framtidige tiltak, men også på dette området har Haram lite erfaringstal å vise til som inneber risiko på noverande tidspunkt. Vi vurderer samla risikonivå på området til lågt til middels.

Tabellen viser vår vurdering av risiko for området oppvekst:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten i oppvekst-sektoren er ikkje tilfredsstillande. Manglande tallgrunnlag for sektoren Nasjonale trendar	Høgt antal elevar på lågaste meistringstrinn Kommunen har tiltak for samarbeid	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte. Elevane får ikkje den oppfølginga eller undervisninga dei har krav på. Høg ressursbruk kan gå ut over andre teneste.	M	M	M 

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon: Kvalitet innan skule

BARNEVERN

Barns rett til **medverknad** blir ikkje godt nok ivareteke, sjølv om barn har tydelege rettar i lovverket. Det omfattar mellom anna mangel på informasjon, at dei ikkje trygt får sagt det dei ønskjer og mangel på klageadgang. Det er også dokumentert relativt omfattande manglar ved barn sin **rett til god og forsvarleg hjelp** på ein rekkje område og at mange barn opplev flytting og ustabilitet i sin omsorgssituasjon. Det er vidare påvist utfordringar ved barnevernstenesta sine **undersøkingar**. **Rammene** for barnevernstenesta ser ut til å vanskeleg for små distriktskommunar. Etter utvalet si vurdering er føresetnadene for å levere gode barnevernsteneste dårlegare jo mindre barnevernstenesta er (NOU 2023:7:17).

Det har dei siste ti åra blitt gjennomført ein rekkje reformer og endringar i barnevernet på bakgrunn av svikt og utfordringar med kvalitet, særleg i det kommunale barnevernet (NOU 2023:7). Den **nye barnevernslova** frå 1.1.2023 skal gjere barnevernet enklare, meir

brukarvennleg og betre tilpassa samfunnet i dag. Lova skal også bidra til auka vekt på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Statsforvalteren ventar at kommunane styrkar arbeidet med **tidleg innsats** og førebygging, at det blir utarbeida ein **førebyggingsplan** mot omsorgssvikt og åtferdsproblem, og at kommunen arbeider for å gjenforene barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Det er venta at kommunane følger opp regjeringa si pågåande **kompetansesatsing** for perioden 2018-2024 og legg til rette for å oppfylle kompetansekrava i den nye barnevernslova (Forventningsbrev 2023).

Mulege risikofaktorar

- Pressa ressurssituasjon
- Tilsetting
- Kompetansekrav blir ikkje følgt opp
- Feil i sakshandsaminga
- Manglande retningslinjer og rutinar
- Manglande medverknad
- Lite eller dårleg samhandling mellom tenesta og andre aktørar
- Svak internkontroll
- Press frå omverda
- Tilstandsrapport blir ikkje utarbeida (og lagt frem for kommunestyret)
- Førebyggingsplan blir ikkje vedteke av kommunestyret
- Rekruttering av fosterheim
- Kvaliteten i barnevernstenesta er ikkje tilfredsstillande

Opplysningar om kommunen

I kommunalområde livsløp er det mykje informasjon om barnevernet i kommunen. Informasjon portalen er tilgjengeleg på fleire språk. Det føreligg tilstandsrapport frå 2022 da kommunen var ein del av Ålesund.

Tilstandsrapporten frå tidlegare Ålesund kommune peikar på ein del utfordringar innan tenesta, med høy turnover, fristbrot i undersøkingar og manglande evaluering av tiltaksplanar, noko mangelfull heilskapleg samhandling på overordna nivå. Dette samt ein krevjande økonomi utgjorde dei overordna utfordringane for barnevernet når dei var saman med Ålesund.

I oppstartmøte opplyste kommuneleiinga om at dei har et veldig fokus internt i kommunen på tett og godt samarbeid med Nav, barnevern og innan psykisk helse. Dette vil være vesentleg i forhold til blant annet bekjempelse av fattigdom og å forhindre utanforskap i kommunen. Haram er ein del av interkommunal barnevernsvakt, med Ålesund som vertskommune. Det kommunale samarbeidet skal styrka kompetansen og sikra tilstrekkeleg oppfølging på området innan deltakarkommunane.

Våre vurderingar

Nøkkelfordringar innanfor barnevernstenestene i Haram og Ålesund var høy turnover og manglande heilskapleg samhandling. Haram verkar til å ha søkelys på utfordringane innan tenesta, men det føreligg ikkje tal per no som utgjør ein risiko, og det er vanskeleg å vurdere situasjonen separat for Haram. Erfaringsmessig kan området vera utfordrande. Det er naudsynt å ha eit heilskapleg tilnærming til området og god samhandling på tvers av einingane. Vi vurderer risiko til M på grunn av manglande talgrunnlag.

Tabellen viser vår vurdering av risiko for området barnevern:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten i barneverns-tenesta er ikkje tilfredsstillande. Lite talgrunnlag for Haram som eigen kommune.	Tenesta har utfordringar med å skaffe kvalifiserte vikarar. Ukjent om det er fristbrot i kommunen. Er med i interkommunal barnevernsvakt	Førebyggjande arbeid og tidleg innsats nedprioriterast. Innbyggjarane får ikkje de barneverns-tenestene de har krav på.	M	M	M 

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Ressursallokering: Rekruttering av kvalifisert personell, kvalitet i tenesta

HELSE OG OMSORG

Det er venta at kommunane styrker sitt arbeid innan **psykisk helse**. Målet er at dei som må ha psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp, særleg barn og unge. Det er også varsla ein førebyggings- og behandlingsreform for **rusfeltet** hausten 2023 (Statsforvalteren 2023).

Det blir meir krevjande å finne **nok hender til å pleie fleire eldre og sjuke**, når aldersgrupper som må ha omsorgstenester aukar mykje meir relativt til folketallet i arbeidsdyktig alder. I tillegg aukar kostnadane til yngre brukarar. Meir enn tidlegare er det difor viktig med tidleg og samordna innsats (KS 2023). Kommunane må jobbe mot meir heimebasert omsorg, ta i bruk teknologiske løysingar og tenke nytt.

Mulege risikofaktorar

- Manglande ressursar
- Framtidig press på tenesta
- Manglande samordna planlegging
- Endring i organisasjonen
- Manglande bruk av velferdsteknologi
- Manglande digitalisering
 - o Helseplattforma, journalføring
- Manglar i helsefremmande og førebyggjande arbeid
- Manglande rutinar og retningslinjer
- Uklart ansvar mellom ulike forvaltningsnivå og einingar
- Manglande koordinering av ulike teneste
- Kvaliteten i helse- og omsorgstenesta er ikkje tilfredsstillande
- Utfordringar med omstilling

Opplysningar om kommunen

Kommunen opplyser om at institusjon og helsestasjon vurderast som tilstrekkeleg no. Å skaffe tilstrekkeleg med leger og vikariat er det som utfordrande. Resten av helseområdet i Haram kommune utviklast og forbetrast stadig, men er som resten av organisasjonen inne i en tidleg fase som ny kommune. (Oppstartsmøte). Kommunestyret inngjekk God Helse samarbeidsavtale 2024-2027 med Møre og Romsdal fylkeskommune i sak 44/24. Samarbeidsavtalen skal bidra til å styrke kommunen folkehelsearbeid.

Haram kommune opplyste i møtet av 28.06.2024 at dei har no oppnådd ei stabil legedekning i kommunen. (Faktasjekkmøte)

Kommunen har er foreløpig tilsett tilstrekkeleg kompetanse opp på feltet kan man i likheit med andre kommunar få utfordringar med å skaffe nok personell framtidig, samtidig har kommuneleiinga fått ei mogleg betring på feltet i løpet av kort tid.

Det er vesentleg at kommunen er tilstrekkeleg merksam på at dette kan innehalde moglege utfordringar i forbindelse med rekruttering. Helse og omsorgsområdet er eit ressurskrevjande felt og det føreligg ikkje tilstrekkeleg økonomiske indikatorar for Haram kommune i første operative driftsåret, ei heller tidlegare år. Den demografiske utviklinga i kommunen spelar og inn på kostnadsbiletet til Haram innan sektoren.

I en uttale frå eldrerådet kom det ein uttale den 05.03.2024 det eldrerådet støttar Haram kommune sitt engasjement for å sikre ei trygg og god framtid for dei demente i kommunen. Eldrerådet vil sjå til at dette vert handheva. Omsorg og demens er og trekt fram som eit viktige område i Haram i spørjeundersøkinga til kommunen. (Spørjeundersøking)

Det er ikkje avklart alt omkring korleis dei nye organisering i eldreomsorga i kommunen vil ved fullført prosess. Det som er planlagt er Haram omsorgssenter vil ha 40 plassar, fordelt på langtids- og korttids plassar. Eidet omsorgssenter vil ha 43 plassar fordelt på langtids- og korttids plassar og heildøgns bemanna bustadar. Korleis dei ulike plassane vil bli fordelt når omorganiseringsprosessen er gjennomført har ikkje kommunen oversikt over no.

I sak 18/24 i kommunestyret vedtok Haram å resignere avtala med Nasjonalforeininga for folkehelse å om fortsette arbeidet med skapa eit demensvennleg samfunn i kommunen.

Våre vurderingar

Helse og omsorg er vesentleg for innbyggjar, medarbeidar, økonomi og politikk, der det viktigaste er knyt til å levere gode tenester til innbyggjarane. Kommunen står som fleire andre kommunar ovanfor utfordringar med omstilling og krav om effektivisering innanfor helse og omsorgssektoren. Omsorg og demensbehandling er både kommuneleiinga og politikare i kommunen merksame på. Det er planlagt to omsorgssenter med til saman 83 plassar differensiert mellom korttid og langtid omsorgsplassar. Det kan bli utfordringar på rekrutteringsområdet. Vesentleg område å oppretthalde effektivitet og holde ressursbruken på moderat nivå grunna den demografiske utviklinga i kommunen.

Vi vurderer samla risiko som middels/høg.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kvaliteten i helse- og omsorgstenesta er ikkje tilfredsstillande. Ressurskrevjande Manglande erfaringstall Utfordringar med omstilling. Fremtidig press på tenesta.	Sektor med rekrutteringsutfordringar. Kommunen har ikkje nok ressursar. Tenestevridning. Demografiske endringar i kommunen.	Innbyggjarane får ikkje dei teneste dei har krav på. Kan gå ut over kvaliteten på tenesta.	M	H	H 

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Bemanning, ressursar, omstilling

MOTARBEIDING AV FATTIGDOM

Delen med vedvarande låge inntekter har auka. I hovudsak er det i husholdningar med barn at delen har auka (KS 2022:46). I Møre og Romsdal bur 4 500 barn med vedvarande låg inntekt, som er tett på ti prosent av barna i fylket. Å førebygge fattigdom er eit nasjonalt satsingsområde. **Tidleg innsats** er viktig for å førebyggje sosiale problem. Dette gjeld særleg ovanfor barn og unge som veks opp i vanskelegstilte familiar kor det er viktig å hindre at oppvekstssituasjonen fører til ytterlegare og vedvarande stigmatisering. For å få til **gode tiltak** er det viktig at kommunen syt for godt **samarbeid** internt og eksternt.

Å bu trøgt er ein levekårsindikator som kan seie noko om dei økonomiske og materielle føresetnadane for gode levekår, og den aukar i låginntektsfamiliar (KS 2022).

Krigen i Ukraina har ført til den største flyktningkrisen i Europa sidan 2. verdenskrig. Det er fleire arbeidsledige- og gjennomsnittleg månedsløn er lågare for innvandrarar enn for øvrige innbyggjarar (KS og SSB.no).

Moglege risikofaktorar

- Aukande fattigdom i kommunen
- Fattigdom blir ikkje oppdaga
- Manglande ressursar
- Manglande kompetanse
- Mangel på overordna strategi
- Utilstrekkeleg oppfølging av vedtak og prioritering på området
 - Utilstrekkeleg samarbeid og koordinering av teneste
 - Mangelfull opplysning, råd og rettleiing
 - Lite føreseieleg tal flyktningar
 - Manglande integrering

- Variert målgruppe vs. individuell tilpassing.

Opplysningar om kommunen

Haram har som nemnd et veldig fokus internt i kommunen på tett og godt samarbeid med Nav, barnevern og innan psykisk helse. Dette gjer dei i forhold til blant annet bekjempelse av fattigdom og å forhindre utanforskap i kommunen. Haram kommune har 3 ungdomsklubbar og fleire fleirbrukshaller i kommunen for å sikre eit godt tilbod. (Oppstartsmøte) Kommunen har eige psykososialt team etablert opplysa kommuneleiinga om i faktasjekkmøte av 28.06.2024.

Dette er området er under utvikling i kommunen med det har sterkt fokus på samarbeid mellom fleire sektorar og etatar for å bekjempe og motarbeide fattigdom. Det føreligg ikkje statistikk på antall som bur trong eller andre indikatorar for fattigdom i Haram, som i seg sjølve inneber ein risiko for at kommunen ikkje fangar dette opp.

I spørjeundersøkinga til polititakar er utanforskap tatt opp som eit viktig område som kan ha utfordringar i kommunen. (Spørjeundersøking)

Haram kommunestyre vedtok i sak 04/24 å busette inntil 70 nye flyktningar i kommunen. Kommunen ynskja å nytta ledig kapasitet i innan oppvekst og legg til grunn spreidd busetting for integreringsarbeidet i kommunen.

Våre vurderingar

Bekjemping av fattigdom er et område der vesentlege vurderast ut frå fleire perspektiv. Disse er særleg knyta til innbyggjarar og økonomi. Kommune har vedteke å ta i mot inntil 70 flyktningar i 2024, som vil krevja tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse. Kommune har søkelys på problematikken og forsøker å være proaktiv gjennom god samhandling med mellom Harams ulike tenester knyt til problematikken, som vurderast som risikoreduserande. Vi har ikkje tilstrekkeleg med data på området for kommunen, men en generell tendens i samfunnet er at dette er et område som kan ha auka risiko. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentleg for området som M/H. Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlighet for området bekjempelse av fattigdom:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Fattigdom blir ikkje oppdaga. Mangel på statistikk	Samfunnstrendar gjer at kommunen ikkje lenger har oversikt og kapasitet til å imøtekomme utfordringar dei blir utsett for.	Innbyggjarane får ikkje den hjelpa dei treng. Fattigdom blir ikkje fanga opp.	M	H	H

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- Samarbeid på tvers innan tenestene

PLAN OG TEKNIKK

Korrupsjon i kommunar oppstår ofte i samband med reguleringsprosessar av eigedommar og landbruks-, natur- og friluftsområde under utbygging (Økokrim 2022). Det har vore fleire dommar for korrupsjon innan plan- og byggesak (NKRF 2023). Plan- og bygningskontoret er den tenesta innbyggjarar i Noreg er minst nøgd med i (KS 2022).

Manglande **ulovlegoppfølging** kan over tid føre til at innbyggjarar får **svekka tillit** til kommunen si byggesaksforvaltning. Ulovlege terrenginngrep truer naturen, og det er sannsynleg at både næringsaktørar og private aktørar vil gjere grove ulovlege naturinngrep (Økokrim 2022).

Berekraftig arealforvaltning er viktig for å ta vare på natur, naturmangfald, naturgodar og redusere klimagassutslepp. Arealbruksendringar er ein stor kjelde til klimagassutslepp.

Klimaendringar vil krevje at kommunane planlegg og gjer tiltak for å handtere både akutte og meir gradvise endringar. Dette handlar om samfunnstrygging, miljø og økonomi. Kommunane skal arbeide systematisk med **samfunnstrygging og beredskap**. Det blir kraftigare nedbør, fleire og større regnflaumar, stigande havnivå og fleire jord-, flaum- og sørpeskred. Skadar på grunn av dette er venta å auke i åra framover. **Overvatn** er den største av utfordringa kommunane opplev med klimatilpassing (KS 2022).

Avfallsbransjen er ein bransje med særleg høg risiko for miljøkriminalitet (Økokrim 2022:22). Det er sannsynleg at kriminelle aktørar i inn- og utland vil gjere **avfallskriminalitet** framover med bakgrunn i kombinasjonen av auka verdi på avfall og auka pris på lovleg avfallshandtering. Kommunane har eit viktig ansvar for fleire **tilskotsordningar**, særlover og arealbruk som har mykje å seie for landbruket både i dag og i framtida. Kravet om eigen kontrollplan er skjerpa for å sikre tillit til tilskotsoppgåva.

Moglege risikofaktorar

- Kommunen si risiko- og sårbaranalyse og beredskapsplanar er mangelfulle/utdaterte
- Risikovurderingar er ikkje satt i system
- Klimaendringar
- Ikkje jamlege øvingar
- Feil i sakshandsaming
- Disposasjonspraksis
- Manglande kompetanse i kommunen
- Eksternt press
- Mangelfull internkontroll
- Manglande ressursar
- Kvaliteten i vatnleveransar og avløp er ikkje tilfredsstillande.
- Kvalitet i bustadsoppgåvene er ikkje tilfredsstillande
- Mangelfull samhandling i kommunen
- Manglande tilsyn og ulovlegoppfølging
- Har ikkje berekraftig arealforvaltning som ser samanheng mellom utbygging, klimaendringar og tap av natur
- Gammalt leidningsnett for vatn og avløp
- Handtering av overvatn
- Ikkje på nye krav til reinsing av avløpsvatn
- Kvalitet i byggesakhandsaminga er ikkje tilfredsstillande
- Samarbeider ikkje med avfallsselskap om å innføre nye krav til å sortere avfall

Opplysningar om kommunen

Kommuneleiinga har uttrykt at dei tilsette ved eininga for plan og eigedom har lang erfaring og høg kompetanse. Eininga er ikkje av dei som har mange nyttilsette gis det inntrykk av i oppstartsmøtet. Kommuneleiinga ser seg sjølve som trygge innan eininga. (Oppstartsmøte)

Haram har ein del aktivitet innan kommunale bygg, der kommunen har fleire prosjekt i Haram med blant anna to skuleprosjekt, det eine prosjektet er utviding av Haramsøy skule som er fullført og det skal byggast ein ny skule på Eidet. På Haramsøy skule er det bygd eit mellombygg på to etasjar med et bruttoareal på ca. 1200 kvadratmeter. Mellombygget skal sikre en fullklimatisert forbindelse mellom barneskulebygningen og ungdomsskulebygningen. I vedtak frå kommunestyret i sak 048/19 ble det avgjort at fleire skular i Haram skulle slå seg saman. Den nye Eidet skule er ei samanslåing av Vatne barneskule, Vatne ungdomskule og Tennfjord skule.

I første kvartal 2024 var Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i gang med gjennomføring av en forvaltningskontroll til landbruk Haram kommune.

Kommunen har mykje innbyggjarretta informasjon på heimesida i portalen bygg og bu. Der er det eigedomsinformasjon, informasjon om kommunale byggeprosjekt, planar og regulering samt renovasjon, brann, feiing og beredskap. Det er og mogleg å bestille møte med saksbehandlarar i forbindelse med plan og byggesaker. Haram kommune er medlem i Transparency International Norge. (Faktasjekkmøte 28.04.2024)

Haram kommune har planlagt å utføre fleire ROS-analyse når deira systemet er fullt utbygd og fått stabilisert drifta. Det er allereie utført mindre ROS-analyser ved nokre av einingane(Spørjeundersøking)

Våre vurderingar

Plan og teknikk er et område der det vesentlege vurderast ut frå fleire perspektiv. Det viktigaste er knytt til økonomi, miljø og berekraft, og å levere ein god teneste til innbyggaren. Det føreligg ikkje informasjon om sektorens tilstand ut i frå kommunebarometeret, som kan gi indikasjonar på risiko. Kommune har eit nytt skulebygg og vil få fleire nye skulebygg som kan heve kvaliteten og sikra Haram kommune gode læringsarenaer langsiktig. Plan og byggesak er ei teneste med stor betydning for innbyggjarane. Det er ei teneste folk ofte er misfornøgd med i kommunane, og som er sårbar for korrupsjon. Tillit til at tenestene utførast rett er vesentleg for kommunen. Eininga plan og eigendom visast til at det er av de einingane i kommunen med færrest nyttilsette i kommunen, som kan minske risikoen på området. Beredskapen er det ein klar struktur på i kommunen, og kommunen har erfaring på området allereie. Samtidig er ukjent i henhold til saksbehandling og fristar i kommunen per no som utgjør ein risiko. Vi vurderer samla risiko- og vesentleg for området som M/H.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlighet for området plan og teknikk:

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande ressursar for byggesakshandsaming. Mangelfull internkontroll innan byggjesaker. Eininga har erfarne tilsette på området.	Fristbrot i byggesakshandsaminga. Lite ressursar for internkontroll innan byggesaksområdet.	Innbyggjarar får ikkje tenesta dei har krav på. Tap av verdier, tillit og omdømme.	M	H	H 

Aktuelt tema for forvaltningsrevisjon:

- ROS-analysar

3.5 AKTUELLE TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON, OPPSUMMERING

Områder med låg risiko er ikkje inkludert i denne oppsummeringa.

Berekraft og samfunnsutvikling	Samla risiko og vesentleg
Strategisk og samla planlegging av arbeidet med berekraftsmåla; Arbeid med berekraftsmåla, implementering av nye planar tilpassa Haram.	Middels (L/H)

Tillitskapande forvaltning	Samla risiko og vesentleg
Internkontroll, heilskapleg verksemdstyring, risikovurderingar	Høg (M/H)
Interkommunale samarbeid, oppfølging av avtalar, rapportering	Høg (M/H)
Digitalisering og informasjonstrygging: Planer/ digitaliseringsstrategier	Middels (M/M)
Offentlege innkjøp	Middels (M/M)

Tenesteyting og utøving av mynde	Samla risiko og vesentleg
Personalforvaltning: Rekruttering, særskilt på helseområdet	Høg (M/H)
Oppvekst: Kvalitet innan skule	Middels (M/M)
Barnevernstenesta	Middels (M/M)
Helse og omsorg: Bemanning, ressursar, omstilling	Høg (M/H)
Motarbeiding av fattigdom: Samarbeid på tvers innan tenestene	Høg (M/H)
Plan og teknikk: ROS-analysar	Høg (M/H)

4 RISIKO OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

I dette kapitelet vurderer vi risiko og vesentligheit for kommunens eigarskap opp mot behovet for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Etter ein kort innføring i kommunalt eigarskap, metode og gjennomføring, har vi omhandla kommunens eigarskap, før vi har føretatt ein risiko og vesentligvurdering av kommunens eigarstyring og i selskap som kommunen eiger. Analysen er delt inn etter dei ulike selskapsformene. Analysen tek ikkje for seg alle kommunen sine selskap, og den legg mest innsats i risikovurderinga av dei selskapa som er vurdert mest vesentleg. Risiko- og vesentlegvurderinga byggjer på informasjon om Haram kommune. Dette gjeld særleg informasjon om bakgrunnen for at kommunen er eigar eller har eigarinteresser i selskapet og korleis kommunen tek vare på sine eigarinteresser. Haram kommune har føreløpig ikkje vedteke eigarskapsmelding. I tillegg har vi gått gjennom anna relevant dokumentasjon som planverk, reglement, retningslinjer og prosedyrar.

4.1 INNLEIING

Kontrollutvalet skal etter lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.6.2018 § 23-2 (kommunelova) påsjå at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette er eierskapskontroll. I § 23-4 er det reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll er definert i kommunelova § 23-4:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»


Eigarskapsmelding er eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring ovanfor kommunalt eigde selskap med vidare. Eit viktig grep er at det no gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding i lova si § 26-1. Regelen gir minimumskrav til innhald i meldinga, og krev at meldinga skal bli utarbeidd minst éin gang i valperioden og bli vedteke av kommunestyret. Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska retning, at eventuelle medeigarar er likeverdige og samstundes som at selskapet er uavhengig.

OM KOMMUNALT EIGARSKAP

Norske kommunar har stor grad av fridom til å organisere tenestene sine. Dei kan velje mellom fleire organisasjonsformer: Kommunalt oppgåvefellesskap, interkommunale politiske råd, interkommunale selskap (IKS), samverkeføretak (SA), aksjeselskap (AS) eller stiftingar. Vi ser at utviklinga peiker mot at delar av den kommunale tenesteproduksjonen blir flytta ut av den enkelte kommune og over i ulike former.

Uavhengig av organisasjons- eller eigarform er det kommunestyret som har det overordna ansvaret for kommunen si samla verksemd. Kommunen sin påverknad er regulert gjennom lowerket knytt til dei ulike selskapsformene.

Figuren under viser at organisasjons- eller eigarforma si sjølvstende i høve til kommunestyret varierer mellom dei ulike selskapsformene. Kommunestyret sin grad av påverknad for innsyn og kontroll er redusert i selskap med private eigarar, og i sjølvorganiserande stiftingar med mindre anna står i vedtekter og avtalar.



Figur 1: Oversikta visar dei ulike selskapsformene som kan etablerast for å utføre tenester i ein kommune (KS, Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll, 2020).

Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen i eigen kommune, gjeld styringssystema som følgjer av kommunelova, og kommunestyret har i utgangspunktet all mynde til å ta avgjerse. Dersom verksemda er lagt i eigne rettssubjekt, som aksjeselskap eller interkommunale selskap, må styringssystema følgje den aktuelle lovgivinga for styring av dei. Dette medfører at styring av selskapet må skje i selskapet sine eigarorgan, generalforsamling for AS og representantskap for IKS. Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap er her underlagt kommunelova. Som eigne rettssubjekt er dei styrt gjennom representantskap og styre. I AS med private eigarar og i stiftingar er det ikkje høve til kontroll med føretaket, med mindre det står i vedtektene eller selskapsavtalar.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll av IKS, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, samt AS der ein kommune eller fylkeskommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjar. Opplysningane kan bli gitt frå verksemda sin daglege leiar,

styret og den valde revisoren for selskapet. Reglane om innsyn og undersøkingar i selskap o.l. i kommunelova § 23-6 gjeld på tilsvarande måte for kommunen sin revisor.

KJELDER TIL DATA

Data i dette kapitelet er henta frå følgjande kjelder:

- Kommunen sitt årsrekneskap, inkl. noter
- Kommunen si eigarskapsmelding
- Kommunen si heimeside, mellom anna postliste og politiske møtedokument
- Proff.no
- Tidlegare revisjonar
- Vår kjennskap til selskapa og kommunen

4.2 EIGARSKAP I HARAM KOMMUNE

I den nye kommunelova kapittel 26 står det om eigarstyring i kommunane. Kommunar skal ha ei eigarskapsmelding, og at den skal bli revidert minst ein gang i valperioden. Haram kommune har ikkje vedteke eigen eigarskapsmelding, men har eigarskapsmelding frå då dei var med i Ålesund kommune. Eigarskapsmeldinga blei vedteke i sak 54/21 i 2021. Ålesund kommune si eigarskapsmelding skal : 1. Tydeleggjere korleis Ålesund kommune vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk 2. Gje ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar 3. Vise aktørbildet og roller, samt korleis eigar vil utøve eigarskapsoppfølging.

Ålesund kommune overordna mål og forventningar for eigarskapet.

All kommunal planlegging skal baserast på FN sine berekraftsmål. Ålesund kommunestyre har vedtatt at vår øvste strategiske plan, kommuneplanen, skal baserast på dei tre dimensjonane av berekraft:

- Vekstkraftig samfunn som handlar om at regionen viser gjennomføringskraft og posisjonerer seg lokalt og nasjonalt, ut frå sine fortrinn
- Livskvalitet for innbyggjarane som handlar om å utvikle eit sosialt og berekraftig samfunn som er bygd på likeverd, rettferd og respekt og å inkludere, i eit samfunn som er trygt for alle, og der alle kan oppleve og høyre til.
- Berekraftig miljø som handlar om utvikling av eit klimavennleg og robust samfunn gjennom lavutslepp, berekraftig ressursbruk og forsvarleg beredskapstilpassing

HARAM KOMMUNE ER MEDEIGAR I FØLGANDE SELSKAP

Aksjeselskap (AS):

- Attvin AS
- Haram Industrier AS
- Haram bygdebok AS
- Løvsøy industrihus AS
- Hamnsundsambandet AS
- Møreaksen AS
- Muritunet AS
- Hareid fastlandssamband AS
- The North West AS (gjennom «Foreningen Framtidslaben»)
- Plug Ålesund AS (gjennom Ålesundregionens havnevesen IKS)
- Eksportvegen AS

Interkommunale selskap (IKS):

- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Ålesundregionens havnevesen IKS
- Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS
- Sunnmøre regionråd IKS

Samverkeføretak (SA):

- Møre og Romsdal Revisjon SA
- Biblioteksentralen SA

Stiftingar

- Stiftinga Viti

Kommunale oppgåvefelleskap

- Sunnmøre friluftsråd (KO)
- IUA Sunnmøre kommunalt oppgåvefellesskap (IUAS)

Stiftingar som Haram kommune har vore med på å stifte:

- Stiftelsen Øyatun
- Stiftelsen Lepsøy aldersbustader
- Stiftinga Fjellheim aldersbustader

- Vatne Tennfjord bustadstifting
- Hellandshamn bustadstifting
- Stiftinga Austnes aldersbustader
- Selnesvågen bustadstiftelse
- Stiftinga Vatne aldersbustader
- Stiftelsen Hamnsund aldersboliger
- Stiftelsen Haramsøy aldersbustader
- Brattvåg bustadstiftelse 1)
- Stiftinga Viti 2)
- Stiftelsen Miljøfyrtårn

1) Brattvåg bustadstiftelse er ei samanslåing av tre tidlegare stiftingar der Haram kommune var ein av opprettarane. Dette gjeld

- Vollen bustadstiftelse
- Hautunet bustadstiftelse
- Stiftelsen Haugen terrasse

2) Stiftinga Viti er eit resultat av ei omdanning mellom fleire stiftingar, mellom anna Sunnmøre Museum der Haram kommune var ein av opprettarane.

(Kjelde: Informasjon frå Haram kommune tilsendt 28.06.2024)

4.3 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP

Vi har brukt følgande faktorar ved val av selskap som er eigna til eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon:

- Selskapet driv ein lovpålagt teneste for kommunen
- Selskapet har ein omsetning av ein viss storleik
- Selskapet har ein stor økonomisk verdi for kommunen
- Selskapet har ein allmenninteresse
- Selskapet har tilsette
- Storleik på eigarskapet

GENERELLE RISIKOFAKTORAR

Når det gjeld prinsipp for eigarskap og forvaltning, formål med eigarskap samt representasjon i eigarorgan og styre, er det somme generelle risikoområde:

- | | |
|---|---|
| • Kommunen har uklare prinsipp for utøving av eigarskap | • Mål og strategiar blir ikkje følgt opp |
| • Kommunen bryt habilitetsreglar | • Selskapet rapporterer ikkje i tråd med lovkrav og avtale |
| • Kommunen er ikkje open i utøvinga av sitt eigarskap | • Det er ikkje sikra innsyn og offentlegheit om eigarskap og i selskapa |
| • Føremålet med eigarskapet er uklart | • Kompetansen i styret og styresamansetjing er ikkje i tråd med kommunen sin strategi |
| • Kommunen kontrollerer ikkje om selskapet når sine mål | • Habilitetsreglar blir ikkje omsyntatt ved styresamansetjing |
| • Kommunestyret sitt vedtak blir ikkje følgt av selskapet | • Selskapet følgjer ikkje opp berekraftmåla. |
| • Nominasjonsordning i kommunen sikrar ikkje naudsynt samla kompetanse i styret i selskap | |

Haram kommune bør ha rutinar for eigarskapskontroll som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista ovanfor inntreff.

EIGARSKAP

Etter søk på proff.no og rapport frå NIVI analyse gir følgande oversyn over aksjeselskap der Haram Kommune eig aksjar:

Interkommunale selskap
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
Ålesundregionens havnevesen IKS
Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS
Sunnmøre regionråd IKS
Personvernombud IKA Møre og Romsdal IKS

Kommunalt oppgåvefelleskap
IUA Sunnmøre kommunalt oppgåvefelleskap (IUAS)
Sunnmøre friluftsråd (KO)
Samvirkeforetak
Møre og Romsdal Revisjon SA
Biblioteksentralen SA
Aksjeselskaper
Attvin AS
Stiftelsar
Stiftinga Viti

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Risikofaktor	Er det sannsynleg at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kommunestyret sine vedtak, mål og strategiar blir ikkje følgt opp.	Førre eigarskapskontroll avdekte fleire oppfølgingspunkt. Kommunestyret har vedteke vidare oppfølging av eigarskapsforvaltninga. Utsifting av nøkkelpersonell.	Mål blir ikkje nådd. Selskapet og verksemda blir ikkje utvikla til beste for kommunen og innbyggjarane. Kommunen sitt omdømme blir svekka.	M	H	H 

Aktuelt tema for eigarskapskontroll:

- Eigarskapskontroll – Eigarskapsstyring og -oppfølging
- Ny eigarskapsmelding

4.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

GENERELLE RISIKOFAKTORAR

- Følgje opp mål og strategiar
- Berekraftsmåla blir ikkje følgt opp i selskapa
- Innsyn og offentlegheit blir ikkje sikra
- Innkjøpsregelverket blir ikkje følgt
- Etiske retningslinjer blir ikkje følgt
- Styresamansetjing
- Arbeidslivskriminalitet
- Økonomisk styring
- Svak internkontroll

Selskapa bør ha rutinar og ein internkontroll som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista opp ovanfor inntreff.

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Vurdering om, og i tilfelle, hvilke selskap revisjonen skal rettast mot kan vurderast ut frå fleire perspektiv. Momenter i disse vurderingane er eigerandel, verdi, og grunnlaget for eigarskapet (politisk, regional politisk, økonomisk/ finansielt, om selskapet leverer tenester til kommunen etc.).

SELSKAP SOM ER VURDERT

Attvin AS

Selskapet er et resultat av samanslåinga av selskapa ÅRIM IKS og Bingsa. Frå 1. september 2023 vedtok generalforsamlinga at det nye selskapet skulle få namnet Attvin AS. Aksjane i selskapet kan berre vere eigd av offentlege. Ålesund kommune har den største eigardelen med 90 %, medan dei 6 andre kommunane har mindre eigardelar.

Risikofaktor	Grunngjeving på nivå av sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Attvin AS	Selskapet driver en virksomhet som har stor betydning i arbeidet med miljømessig bærekraft.	Mål blir ikkje nådd. Selskapet og virksomheten utvikles ikke til beste for kommunen og innbyggerne. Kommunens omdømme svekkast.	M	H	H

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon: - Attvin AS, bærekraft, sjølvkost

5 FAKTASJEKK

Et rapportutkast til høyring/faktasjekk ble sendt til kommunedirektør for gjennomsyn i e-post av 14.06.2024. Revisor har gjort mindre korrigeringar av rapporten etter innspel frå kommunen. Vi mottok svar på faktasjekk av 28.06.2024.

Revisor har supplert faktagrunnlaget i tråd med kommunaldirektørens kommentarar i følgande kapitel:

- Kommunebarometeret
- Internkontroll
- Etikk og varsling
- Digitalisering og informasjonstrygging
- Plan og teknikk
- Kommunens eigarskap
- Oppdatert organisasjonskart

Ut over dette har ikkje suppleringa av faktagrunnlaget ført til endringar i vurderingar eller konklusjonar.

REFERANSELISTE

- Datatilsynet (2022). Årsrapport 2022. Hentet fra: [Årsrapport for 2022 | Datatilsynet](#)
- Datatilsynet (2023). Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner. Hentet 25.5.2023 fra [Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner | Datatilsynet](#)
- Driva 2023. Svekker tilliten og setter rettsikkerheten i fare. Hentet 25.5.2023 fra [– Svekker tilliten og setter rettsikkerheten i fare - driva.no](#)
- FN- Sambandet (2023). FNs bærekraftsmål. Nettside. 02.05.2023: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Helsedirektoratet (2021). Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene – en grafisk framstilling av resultatene fra Kommunesektorens arbeidsgivermonitor. Hentet 11.5.2023 fra: [Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene - Helsedirektoratet](#)
- Kommunal Rapport (2023). Kommunebarometeret. [Kommunebarometeret - Om Kommune­barometeret \(kommunal-rapport.no\)](#)
- Kommune-CSIRT (2023). Digitalt situasjonsbilde no. 1 for 2023. Hentet fra: <https://kommunecsirt.no/nyheter-og-artikler/digitalt-situasjonsbilde-no-1-for-2023>
- Kommunenenes sentralforbund (2019). Hva er kommunens utfordringer? Klimatilpasning i praksis. Hentet 02.05.2023 fra ks.no: <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/hva-gjor-vi-med-klimaendringene-klimatilpasning-i-praksis/hva-er-kommunenenes-utfordringer/>
- Kommunenenes sentralforbund (2022). *Status kommune 2022*. Hentet 04.05.2023 fra <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/statistikk-og-analyse/status-kommune/KS-Status-kommune-2022-web.pdf>
- Kommunenenes Sentralforbund (2022 b). Utfordringene vi må løse. Hentet fra: [Utfordringene vi må løse - KS](#)
- Kommunenenes sentralforbund (2023). *Status kommune 2023. Der folk bor*. Hentet 25.05.2023 fra: [Status-kommune-2023.pdf \(ks.no\)](#)
- Kunnskapsdepartementet (2019). *Meld. St. 6 (2019-2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Hentet fra: [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)
- Kommunal- og distriksdepartementet (2022). Hentet fra: [Kontrollutvalgsboka \(regjeringen.no\)](#).
- Vinsand, Geir (2023). «NIVI Rapport 2023:3. Interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal». Hentet 06.01.2024 fra: [Notat \(statsforvalteren.no\)](#)
- NKRF (2023). Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene. Hentet 9.5.2023 fra [Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene - NKRF](#)
- NOU 2023:7. Trygg barndom, sikker fremtid — Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet. Hentet 16.5.2023 fra: [NOU 2023: 7 - regjeringen.no](#)

Politiets Sikkerhetstjeneste (2023). Nasjonal trusselvurdering 2023. Hentet 9.5.2023 fra [NTV-2023 \(pst.no\)](https://www.pst.no)

Pressens faglige utvalg (2022). Åpenhetsbarometeret 2022. Hentet 11.5.2023 fra [Åpenhetsbarometeret 2022 - Presse.no](https://www.presse.no)

Årsrapport 2021 - Møre og Romsdal 2025 ([360online.com](https://www.360online.com))

Regjeringen (2021). Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning. Hentet 23.5.2023 fra [Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Regjeringen (2022). Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024. Hentet 26.05.2023 fra [Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024 - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Økokrim (2022). Økokrim trusselvurdering 2022. Hentet 9.5.2023 fra [Økokrims trusselvurdering 2022 - Økokrim \(okokrim.no\)](https://www.okokrim.no)

Universitetet i Stavanger (2022). Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats i livet. Hentet fra: [Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats tidlig i livet | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](https://www.uis.no)

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (2023). Forventningsbrevet 2023 – Våre forventninger til kommunane. Hentet 25.05.2023 fra: <https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/container-kommunemote/forventningsbrev2023/>

Valgdirektoratet (2024). Valresultat Møre og Romsdal/Haram 2023. Hentet 07.05.2024 fra: [Valgresultat](https://valgresultat.no)

6 VEDLEGG: OVERSIKT OVER AS, STIFTINGAR, KF, IKS, SA

Aksjeselskap (AS) der Haram kommune er medeigar:

- Attvin AS
- Haram Industrier AS
- Haram bygdebok AS
- Løvsøy industrihus AS
- Hamnsundsambandet AS
- Møreaksen AS
- Muritunet AS
- Hareid fastlandssamband AS
- The North West AS (gjennom «Foreningen Framtidslaben»)
- Plug Ålesund AS (gjennom Ålesundregionens havnevesen IKS)
- Eksportvegen AS

Stiftingar som Haram kommune har vore med på å stifte:

Stiftelsen Øyatun

Stiftelsen Lepsøy aldersbustader

Stiftinga Fjellheim aldersbustader

Vatne Tennfjord bustadstifting

Hellandshamn bustadstifting

Stiftinga Austnes aldersbustader

Selnesvågen bustadstiftelse

Stiftinga Vatne aldersbustader

Stiftelsen Hamnsund aldersboliger

Stiftelsen Haramsøy aldersbustader

Brattvåg bustadstiftelse ¹⁾

Stiftinga Viti ²⁾

Stiftelsen Miljøfyrtårn

¹⁾ Brattvåg bustadstiftelse er ei samanslåing av tre tidlegare stiftingar der Haram kommune var ein av opprettarane. Dette gjeld

- Vollen bustadstiftelse
- Hautunet bustadstiftelse

- Stiftelsen Haugen terrasse

²⁾ Stiftinga Viti er eit resultat av ei omdanning mellom fleire stiftingar, mellom anna Sunnmøre Museum der Haram kommune var ein av opprettarane.

Oversikt over interkommunale samarbeidsordningar for Haram Kommune 01.01.2024. Kjelde: NIVI Analyse.

INTERKOMMUNALE SELSKAP

- Ålesundregionens havnevesen IKS
- Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS
- Sunnmøre regionråd IKS
- Personvernombud IKA Møre og Romsdal IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

KOMMUNALE OPPGÅVEFELLESSKAP

- Ålesund brannvesen KF
- Sunnmøre friluftsråd (KO)
- Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF
-

SAMARBEID

- Geodatasamarbeid Ålesund
- Veterinærvaktområde Ålesund, Sula, Giske, Fjord, Haram
- eKommune Ålesund
- Øyeblikkelig hjelp døgnavdeling Ålesund (ØHD)
- Ålesund interkommunale legevakt
- Nordre Sunnmøre oppvekstsamarbeid
- LVS Ålesund
- Barnevernvakten på Sunnmøre
- Krisesenter for Sunnmøre
- Overgrepsmottaket i Ålesund
- IUA Sunnmøre kommunalt oppgåvefellesskap (IUAS)
- Sunnmøre innkjøpssamarbeid
- Kulturskule
- Brannvern Giske og Sula
- Landbruk Ålesund, Giske og Sula

SAMVERKEFØRETAK

- Møre og Romsdal Revisjon SA
- Biblioteksentralen SA

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovudkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eigarar:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal,
Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma,
Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven,
Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 26/24 Haram kontrollutval

Møtedato
12.09.2024

Tilråding til budsjett 2025 frå Haram kontrollutval.

Sekretariatet si tilråding:

Haram kontrollutval foreslår til kommunestyret ei samla budsjettramme 2025 for kontrollarbeidet på kr 1 630 273.

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 120 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 440 273
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1 070 000

Bakgrunn:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår då utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjonen.

Haram kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS). I tråd med selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtek budsjettet for dette selskapet og det vert her tatt med kun som informasjon.

Haram kommune har valt Møre og Romsdal Revisjon SA som si revisorordning. Revisjonen som vert utført består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler, og omfattar revisjon av kommunerekneskapen og konsolidert kommunerekneskap.

Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå brukt tid og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisjonsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjonen vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet med utgangspunkt i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for perioden.
Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av Plan for revisjon mv.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon. I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

Vurdering:

Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteken eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA på dei tenestene som dei leverer.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påverka av kor godt kvalitetsikra årsrekneskapsrapporten er frå kommunen si side, når den vert levert i februar. Det har vore gjennomført ein risiko og vesentlegvurdering (ROV) i 2024 som grunnlag for arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Denne planen skal handsamast av kommunestyret innan utgangen av 2024. Det er difor eit ynskje at Haram kontrollutval kan bestille ein forvaltningsrevisjons rapport på vegne av kommunestyret i 2025.

Med bakgrunn i dette vil ein foreslå eit budsjett for 2025 på kr 1 070 000 for dei tenester som revisjonen utfører. Dette inkluderer då det kommunale foretaket I.D. Huset.

Sekretariatstenester:

Det er Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet. I tråd med Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet som vedtek eigarskapsandelen. Dette vert gjort i slutten av oktober 2024 og ein må difor her legge til grunn forslag frå dagleg leiar til styret og til representantskapet.

Dersom representantskapet vedtek endring i eigarskapsandelen for 2025, vil sekretariatet informere om dette etter at representantskapet har gjort sitt vedtak i oktober.

Kontrollutvalet:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv og talet møter byggjer på erfaringar frå tidlegare år. Om der ikkje kjem uforutsette hendingar som kontrollutvalet må handtere, så vert det planlagt fem møter i 2025. Godtgjersle knytt til kontrollutvalet er omfatta av Haram kommune sitt reglement for folkevalgte og vert utbetalt direkte frå kommunen på lik linje med andre folkevalde organ. For 2025 med fem møter vert møtegodtgjersla stipulert til i underkant av kr 64 000.

Det er særskilt viktig for kvaliteten på kontrollarbeidet at kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. Det å delta i erfaringsutveksling og kompetansebygging på samlingar med andre kontrollutval er ein viktig del av dette.

I tillegg til konferansar vil det vere særst nyttig å få tilgang til faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane som har fokus på fagkompetanse på kontroll og tilsynsarbeid. Det er NKRF-kontroll og revisjon og Forum for kontroll og tilsyn - FKT. Abonnement på fagbladet Kontroll & revisjon og medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn er viktige kompetansestader. Haram kommunestyre valde i 2024 å melde kommunen inn i FKT (forum for kontroll og tilsyn) etter tilråding frå kontrollutvalet. Medlemsskapet er lagt inn i den samla summen som her er forslått for kontrollutvalet. På bakgrunn av dette vert forslaget til eit budsjett for 2025 for kontrollutvalet vere på kr 120 000,- og det inneheld då både møtegodtgjering og kurs/kompetanse for kontrollutvalet.

Budsjettforslaget på kr 1 630 273 for kontrollarbeidet i Haram kommune for 2025 ser då slik ut:

Møtegodtgjersle kontrollutval	64 000	
Kurs og opplæring	40 000	
Abonnement og medlemskap NKRF og FKT	16 000	
Kontrollutvalet		120 000
Sekretariatstenester (SKS IKS)		440 273
Rekneskapsrevisjon (inkl. attestasjoner)	720 000	
Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	350 000	
Revisjonstenester (MRR SA)		1 070 000
Sum kontrollarbeide 2025 Haram kommune		= 1 630 273

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje uendra tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon. Denne prosessen sikrar at kontrollutvalet sin uavhengigheit vert oppretthalden, og at utvalet sitt framlegg ikkje vert endra eller påverka av kommunedirektør eller formannskap.